



MUSEUMS - OG KULTURMINNEPLAN 2020 – 2030



Innhald

1. Innleiing	5
2. Sentrale omgrep og lover i høve kulturminne og vern	5
3. Mandat, målsetjing og ansvarsfordeling	7
3.1 Mandat.....	7
3.2 Målsetjing.....	7
3.3 Ansvarsfordeling	8
4. Omfang av kulturminne	8
5. Organisering og drift.....	9
5.1 Arkivet.....	9
5.2 Biblioteket	10
5.3 Godøy Kystmuseum	10
6. Samlingar med kommunal eigarskap og medverknad	11
6.1 Solbakken skule.....	11
6.2 Alnes Fyr	11
6.3 Vigra Kringkastar	12
7. Private samlingar	12
7.1 Monshuset	13
8. Vedtaksfreda tekniske industriminne.....	14
8.1 Alnes Fyr	14
8.2 Høgstein Fyr	14
9. Automatisk freda arkeologiske minne	15
9.1 Dei mest kjende gravhaugane og gravfelta	15
9.2 Busetjings- og aktivitetsområde	18
10. Kulturminne med status som regionalt verneverdige	18
10.1 Vigra kringkastar.....	19
10.2 Åbord/Åburd	20
10.3 Naustrekkje Blindheim.....	20
10.4 Naustrekkje Giskegjerdet	20
10.5 Saltebu Ytterland.....	21
10.6 Tollstasjonen Valderhaugstranda	21
10.7 Fellesfjøsen Vigra	22
10.8 Hustruhamna Valderøy	22
10.9 Gardstun Molnes	23

10.10 Solbakken skule.....	23
10.11 Søndagsskulehuset på Roald	24
10.12 Erkna fyr.....	24
10.13 Storholmen fyr.....	25
11. Kyrkjer	25
11.1 Giske kyrkje	25
11.2 Vigra kyrkjestad	26
11.3 Valderøy kyrkjestad	26
12. Verna landskapsområde med historisk verdi	27
12.1 Skjonghellaren, Valderøya	27
12.2 Makkevika/Kvalneset, Giske.....	27
12.3 Molnes naturreservat, Vigra	28
12.4 Alnes, Godøya	28
13. Spesielle hus/bygningar	29
14. Krigsminne og krigsminnesmerke	30
14.1 Minnesteinar og minnetavler over falne i andre verdskriegen og omkomne på sjøen	30
14.2 Krigsminna ved Roald/Molnes.....	31
14.3 Trollkjelen	31
14.4 Krigsminnesmerke i fjellveggen på Godøya (regionalt verneverdig)	32
14.5 Skuleloftet som berga liv, i dag ein del av Godøy kystmuseum	32
14.6 Daudmannshola	32
15. Maritime minner	33
15.1 M/KR Lysglimt	33
15.2 Båten «Fri»	33
15.3 «Valderøy-båten»	33
15.4 Båtmotorsamling i Strandklaubuda på Godøy Kystmuseum	34
16. Hus registrert i SEFRÅK (bygningar frå før 1900-tallet).....	34
17. Landskapsanalyse for områda Alnes, rundt Giske kyrkje og Blimssanden med nærområde	34
17.1 Alnes.....	35
17.2 Områda rundt Giske kyrkje	36
17.3 Blimssanden med nærområde	37
18. Innspel frå folkemøte i kommunen til kulturminne ein ønskjer å ta vare på.....	38

18.1 FORSLAG VALDERØYA.....	38
18.2 FORSLAG GISKE	39
18.3 FORSLAG GODØYA	40
18.4 FORSLAG VIGRA	40
19. Lag, organisasjonar og enkeltpersonar	41
19.1 Museumslag /interessegrupper	41
19.2 Historielag/sogelag	41
19.3 Andre	41
20. Register over eldre kulturminne	42
21. Utfordringar	42
22. Nye tiltak og ønskjemål for 2020-2030	43
23. Kommunale oppgåver 2020-2030	44
Vedlegg: Oversikt over kulturminne i Giske kommune	46

1. Innleiing

Ein kulturminneplan er ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunen og skal innehalde ein plan for forvaltninga av desse. Planen er eit verktøy for regional og kommunal forvaltning og kan fungere vel så godt som eit satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel, for kommunens sakshandsamarar, som for publikum og lokale eigara av kulturminne. Eit hovudmål er å nå regionale og nasjonale mål om å redusere tap av verneverdige kulturminne og -miljø.

Grunnlaget for museums- og kulturminneplanarbeidet vart lagt i 2008, då den første planen vart vedteken i kommunen. Sidan den gong har planen rullert fleire gonger, noko som er viktig for vedlikehald og fornying av satsingsområda i planen. I sak 141/19 i kommunestyret vedtok ein ny rullering av kulturminneplan for perioden 2020-2030. Den er meint å gje ei oversikt over dei kulturminna og -miljøa vi har i kommunen og folk frå dei fire øyane har drøfta og kome med nye innspel til planen. Det anbefalast å trekkje fram planen til politisk drøfting og evaluering om lag annakvart år der ein går igjennom kva som er gjort, og vidare satsingsområde.

Riksantikvaren (RA) sine anbefalingar til kommunen ligg framleis til grunn for å fremje ein ny rullering av kulturminneplanen. Hovudessensen for å ha ein plan kan samanfattast slik:
«Alle kommunar skal ha oversikt over sine verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap, og prioritere eit utval av kulturminne som skal takast vare på» - RA.

2. Sentrale omgrep og lover i høve kulturminne og vern

Kulturminne vert definert i Kulturminnelova¹ som alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, då også lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. For område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng, vert det nytta omgrepet kulturmiljø.

Det er ulike former for vern av eit kulturminne. Eit kulturminne kan ha status som freda/verna eller verneverdig. Ei freding er den strengaste forma for vern. Mange kulturminne er utan formelt vern, men er så verdfulle at dei fortener å bli tatt vare på; dei er verneverdige. I tillegg til dette har kulturminna ulike gradar av verneverdi; nasjonal, regional eller lokal².

¹ Lov om kulturminner [kulturminneloven] - Lovdata

² Fredet - vernet - verneverdig - Riksantikvaren

For kulturminne som er freda så kan dei anten vere automatisk freda, eller vedtaksfreda. Eit automatisk freda kulturminne er direkte freda gjennom kulturminnelova eller svalbardmiljølova. Kulturminnelova er staten sitt verktøy i kulturminnevernet. Lova fastset at alle kulturminne eldre enn frå år 1537 er automatisk freda. For byggverk så er desse no automatisk freda dersom dei er oppreiste før 1650, og skipsfunn dersom dei er eldre enn 100 år. Samiske kulturminne frå før 1917 er tillagt automatisk freding. Elles gir lova også heimel til å frede yngre kulturminne og kulturmiljø. Eit vedtaksfreda kulturminne er freda ved at det er gjort eit særleg vedtak for kulturminnet om å verne det. Dette vil då gjelde for kulturminne som er frå etter 1537, og byggverk frå tida etter 1650. Den endelige avgjersla om vedtaksfreding vert gjort av Riksantikvaren, men det skjer først etter ei omfattande høyringsrunde, der mange partar får uttale seg³.

For å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø, då særleg dei frå nyare tid, er plan – og bygningslova viktig. Denne er kommunane sitt verkemiddel i kulturminnevernet. Etter plan – og bygningslova kan ein sette av areal til omsynssoner for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø⁴.

For vern av kyrkjer eldre enn 1650, så er rundskriv nr.T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø sentralt. Dette omhandlar verneverdige kyrkjer frå tidsrommet 1650-1850 og listeførte kyrkjer bygd etter 1850⁵.

I forhold til om bygningar er verneverdige, er SEFRAK-registeret eit nyttig verktøy. SEFRAK er eit register over eldre bygningar og faste kulturminne i Noreg. SEFRAK står for «SEkreteriatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg». Registreringa vart gjennomført i 1975-1995, og gjeld bygningar oppført før 1900. At bygningane står i SEFRAK-registeret gir i utgangspunktet ikkje spesielle restriksjonar, men vil vere eit varsel om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gitt løyve til riving, endring eller flytting av bygninga. Bygningar eldre enn 1850 må få vurdert verneverdien før ein kan få godkjent søknad om endring eller riving, etter §25 i Kulturminnelova⁶. Ny registrering av bygg frå før 1900-tallet (SEFRAK) blei avslutta i Giske kommune i 2017.

³ [Fredet - vernet - verneverdig - Riksantikvaren](#)

⁴ [Fredet - vernet - verneverdig - Riksantikvaren](#)

⁵ [Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø - regjeringen.no](#)

⁶ [Sefrak-registeret - Riksantikvaren](#)

Denne nye registreringa gjev ei god oversikt over eldre bygningar og bumiljø. Den viser også kva som har skjedd sidan den første registreringa vart gjennomført.

3. Mandat, målsetjing og ansvarsfordeling

3.1 Mandat

Giske kommune har hatt Museums- og kulturminneplan heilt frå 2008. Dette er tredje rulleringsperiode. Rulleringa vert gjennomført i samsvar med retningslinjer for temaplan. Kommunestyret har difor vedteke at Museums- og kulturminneplanen vert teke med i planprogrammet for kommunen, og at innhaldet i temaplanen vert teke opp til politisk drøfting i kommuneplanen. Eldre faste kulturminne, verna bygg og områder, samt SEFRAK-registrerte bygg skal registrerast i det kommunale kartsystemet i Gisline. Nøyaktig plassering av eldre faste kulturminne, verna bygg og område er, eller skal bli, justert inn i kartverket.

Kommunen er pålagt etter Kulturminnelova §3 og §6, å ta særskilde omsyn til kulturminne som fell innanfor lovverket. Riksantikvaren ber kommunen sjølv ta høgde for andre og nyare objekt som kan bli framtidige kulturminne på alle nivå. Med nivå meiner ein lokalt, regionalt og nasjonalt. Kommunen i samarbeid med fylkeskonservator og Riksantikvar skal komme fram til ei verdivurdering over kva for kulturminne kommunen bør ta omsyn til, og korleis dette best kan gjennomførast. Kulturminna vil også rangerast utifrå kva som er viktig og mindre viktig å eksponere, til dømes i høve til framvising (slitasje). Dette vil ein kunne sjå igjen i at enkelte kulturminne vert eksponert med skilting, tilrettelagt parkering etc. medan andre vert liggjande urørt.

Denne vurderinga legg til grunn korleis ein best kan ta vare på kulturminna for framtida. Dette kan mellom anna gjerast ved å opprette omsynssoner og regulere område m.a. til friluftsføremål. Kommunen blir også oppfordra til å utarbeide nokre få tema som kan fortelje kvifor kommunen har blitt slik den er i dag. Sjølve kulturminneplanen skal gi ein best mogleg totaloversikt over kva ein har av kulturminne i kommunen.

3.2 Målsetjing

Målet med temaplanen er å få ei god oversikt over automatisk freda kulturminne og nye eventuelle kulturminne i kommunen. Oversikta skal igjen brukast slik ein kan få til gode sikrings-, skjøtsel- og gjennomføringstiltak, og vil gjere det enklare å prioritere bruk av

ressursar til dette arbeidet. Den vil også kunne brukast som eit framtidig planverktøy for kommunen.

Temaplanen skal syte for å samle opplysningar og fakta om museum og kulturminne i kommunen. Dette skal igjen brukast til å fremje innspel til kommuneplan, arealplan og økonomiplan for Giske kommune. Hensikta er å gje eksisterande og nyare kulturminne ei sikker framtid. Det er også eit mål for planen at den kan nyttast som eit oppslagsverk av skular, lag, organisasjonar og enkeltpersonar som er interessert i kulturarven i kommunen.

3.3 Ansvarsfordeling

Ansvar for kulturminne er i praksis delt inn i fire ulike nivå. Desse er:

1. Riksantikvaren har ansvar for nasjonale viktige kulturminne.
2. Fylkeskommunen har ansvar for regionale viktige kulturminne.
3. Giske kommune har ansvar for at alle registrerte kulturminne i kommunen ikkje vert øydelagde. Kommunen har også ansvar for å sikre det som i framtida kan bli viktige kulturminne. Kommunalt arkiv og biblioteket har ein sentral rolle med omsyn til å ta vare på og formidle skriftlege dokument, bilete m.m. som omhandlar lokal historie.
4. Private grunneigarar har eit ansvar for å ta vare på kulturminne som ligg på deira private grunn. Ansvaret inneber at ein tek vare på og har tilsyn med kulturminna. Ansvaret kan òg innebere å få tilrettelagt samarbeid om skilting, skjøtselstiltak m.m.

4. Omfang av kulturminne

Talet på registrerte kulturminne i Giske kommune er ikkje så høgt, samanlikna med mange andre kommunar i landet. Dei kulturminna ein har, fortel til gjengjeld ofte ein svært viktig del av historia om landet si utvikling frå gamalt av. Difor er det ekstra viktig å ta godt vare på desse. Kommunen består av mange små og flate område fordelt på dei fire øyane Godøya, Giske, Valderøya og Vigra. Desse områda har vore kultivert sidan tidleg jernalder og fram til i dag. Dette har medført at mange spor har gått tapt opp gjennom tida. Samstundes gjev det eit relativt godt og enkelt oversyn på kva ein har av kulturminne i kommunen.

Det er til no registrert 60 automatisk freda kulturminne i kommunen. Fleire nye har dukka opp dei siste åra, men har ikkje blitt lagt inn i Askeladden. Askeladden er den offisielle databasen over alle feda kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Ein vil derfor kunne rekne med ein liten

auke i åra framover. Ei oversikt over dei kulturminna som er registrerte i kommunen, oppført med vernestatus, finn ein som vedlegg til denne planen.

Oppsummert for Giske kommune: Av automatisk freda kulturminne så er hovudvekta av dei gravminne og busetjings-/aktivitetsområde. To av fire kyrkjer er freds. Tre stader er vedtaksfreda (to fyrstasjonar og ei områdefreding rundt Blimshaugen). I tillegg har ein fire verna landskapsområde med historisk verdi. Ytterlegare ti områder med høg historisk verdi utan at vern er registrert til no. Totalt utgjer det 80 objekt.

Det er registrert 677 SEFRAK-bygg. Kommunen har gjennomført ei ny registrering i tida mellom 2014 og 2016. Denne registreringa viser kva som har skjedd av endringar dei siste 50 åra.

5. Organisering og drift

Det går eit skilje mellom offentlege og private aktørar i denne planen. Begge partar må medverke i kulturminnevernet for at ein skal få til noko, og kunne ta vare på kulturminne i kommunen. Kommunen pliktar å gjere dette arbeidet, mens private kan vere viktige aktørar og medverke i det.

Giske kommune skal i sin visjon vere historisk og framtidsretta, og syner gjennom Museums- og kulturminneplanen at dei tek visjonen på alvor. Kommunen vil bruke ulike metodar for å nå ut med informasjon og tiltak. Desse kan oppsummerast i fire punkt:

1. Tilrettelegging for at private aktørar kan delta i arbeidet med kulturminnevern.
2. Sogelaga er spesielt opptekne av innsamling av foto, lokalsoge og gjenstandar frå moderne tid. Her er det spesielt dialog og ressursar som er viktig å kunne tilby frå kommunen i eit vidare samarbeid.
3. Legge ut informasjon om kulturminne på heimesida.
4. Ta ansvar for eigne kommunale tiltak og prosjekt.

5.1 Arkivet

Arkivet i Giske kommune er ein viktig aktør. Dei kan ta i mot alle lokale private arkiv, bilesamlingar osb. Denne ordninga har i liten grad vorte nytta av sogelaga. Kommunen sender slike arkiv og foto vidare til fylkesarkivet og fotoantikvaren i fylket. Desse instansane

har ofte ikkje hatt stor nok kapasitet eller økonomi til å legge ut resultatet offentleg. Ein får heller ikkje bruke innleverte foto konvensjonelt, til dømes til sal av kalendrar. Difor ynskjer sogelaga å ta vare på sitt materiale sjølve, ofte med varierande lagerforhold. Dette utgjer i stor grad skriftleg og biletleg stoff om nyare lokalhistorisk tid. Her bør ein få avsett ekstra midlar til å sikre denne minnebanken for heile kommunen, i eit ope system i løpet av nokre år.

5.2 Biblioteket

Giske folkebibliotek har fleire tilbod til folk som driv med slektsgransking. Biblioteket har samla lokalhistorie frå heile kommunen og Sunnmøre. I tillegg kan biblioteket yte hjelp ved nettsøking. Dette tilbodet vert ofte nytta.

5.3 Godøy Kystmuseum

Godøy Kystmuseum var frå 2005 til 2020 konsolidert i Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) og inngjekk som ein av 13 besøksarenaer. Dette har gjeve Godøy Kystmuseum høg fagleg kompetanse, og har sikra at skulane i kommunen har fått stort utbytte av ordninga.

Driftsavtalen mellom Godøy kystmuseum og den nye stiftinga Musea på Sunnmøre vart oppsagt med verknad frå 1.januar 2020. Under budsjettetthandsaminga hausten 2019 vedtok Giske kommune å ikkje gje vidare driftstilskot til den nye stiftinga Musea på Sunnmøre (MUPSU). Det vart holdt fleire møter mellom både MUPSU, Giske kommune og Godøy Museumslag/Foreininga Godøy (som står bak Godøy Kystmuseum). Ein klarte ikkje her å kome til einighet om korleis dei lokale samlingane skulle forvaltast i framtida. Godøy (som står dermed utanfor regionale og nasjonale tilskotsordningar knytt til drifta av museet.



Å inngå ein vidare samarbeidsavtale med MUPSU ville for Giske kommune innebere ein stor årleg kostnad. Dermed valde ein å avstå frå dette inntil den økonomiske situasjonen i kommunen betrar seg, og då ta stilling til saka på eit seinare tidspunkt. Kommunen har gjennom SSM støtta Godøy Kystmuseum mot å få eit tilgjengeleg museum med ei heil stilling til museums- og kulturminnenester i kommunen. Framhald av støtte vert behandla knytt til dei årlege budsjettprosessane.

Godøy kystmuseum har no vedteke å gå inn i ei ny konsolidering med lokalmusea på Sunnmøre, som saman ynskjer å vidareutvikle samarbeidet og museumstenestene i vertskommunane sine. Vertskommunane vil bli involvert i denne prosessen. Godøy Kystmuseum har inntil vidare formell status som privat samling under punkt 7.

6. Samlingar med kommunal eigarskap og medverknad

6.1 Solbakken skule

Giske kommune eig Solbakken skule og gjev eit fast driftstilskott til Solbakkens venner for å ta vare på bygget og formidle skulehistoria i kommunen. Solbakken skule var skule i tida frå 1893 og fram til ny barneskule blei bygd på Vigra i 1957. Solbakken blei også brukt som skule nokre få år seinare, fordi nye-skulen vart for liten og måtte byggast på. Solbakkens venner har hatt bruksrett til bygget sidan 1990⁷.

6.2 Alnes Fyr

Alnes Fyr er frå 1852 og vart freda i 2000. Kommunen eig stasjonen på Alnes og området stasjonen ligg på. Alnes fyr vert utlånt til stiftinga Alnes Fyr, som har drive med turistverksemd m.m. sidan 1993. Fyret inneheld også eit fyrmuseum og bildesamling av Ørnulf Opdahl⁸.

I 2016 fekk fyret eit nytt besøkssenter og kulturygg, under bakkenivå. Dette skal avlaste noko av belastinga som landskapet og det freda anlegget har vore utsett for. Anlegget slik det no framstår vil kunne gi eit grunnlag for framtidig kunst- og kulturbasert næringsverksemd, som ein til no ikkje har utnytta. Dette må sjåast på i samanheng med mellom anna ny bruk av skulebygg i området og ein samla plan og strategi for Alnes-området.

⁷ <http://mr.kulturnett.no/institusjon/solbakken-skule>

⁸ www.alnesfyr.no

6.3 Vigra Kringkastar

Vigra Kringkastar har vore midlertidig freda frå fylkeskonservator, og status per i dag er at den er «under freding». Fylket arbeider med å lage fredingsdokument, som etter kvart skal på høyring i Giske kommune. Endeleg vedtak om freding er det Riksantikvaren som gjer.

Fylkeskonservatoren håpar på ei ferdigstilling av fredingsprosessen innan 2022. Status er at Giske kommune har gjeve rivingsløyve på anlegget. Det ligg førebels ikkje inne midlar til å gjere noko med området. Utsetjinga har ført til stor usikkerheit med tanke på korleis ein skal få til ei endeleg avklaring, og kven som tek økonomisk ansvar. Det er opp til Riksantikvaren (RA) om dei vil frede staden. I eit eventuelt forslag til freding frå RA bør det følgje økonomiske midlar med til å ta vare på, og drifta bygga og området. I høve grunneigar har dette vore ein sak som har gått utanom kommunen og vore direkte mellom grunneigar og Norkring. Telenor har trekt alle midlane til bygget/eigedomen attende, slik at dette også må avklarast. Dette blir truleg ei sak som kjem til å ta tid å finne ei løysing på. Giske kommune har ikkje pengar til å stå attende med eit økonomisk ansvar for Vigra Kringkastar i høve til erstatning og riving. Ein finn det vanskeleg på dette tidspunktet å legge inn noko føring i det kommunale planverket om at området bør/skal fredast. Dette må eventuelt takast opp som enkeltsak på eit seinare tidspunkt dersom ein finn ei berekraftig løysing. Kommunen har heile tida sidan 2011 vore positiv og fremja forslag til vidare museumsdrift dersom ein kunne få til ei økonomisk løysing. Det blei for nokre år sida laga eit forslag til innhald og drift av bygningane der ein også gjekk detaljert gjennom kostnader frå Telemuseet (i dag lagt inn under Teknisk Museum). Forslaget til innhald kan framleis vere aktuelt å nytte heilt eller delvis.

7. Private samlingar

Med private aktørar og samlingar meiner ein lag, stiftingar og enkelpersonar som eig eller driv tiltak innan kulturminneformidling i Giske kommune. Nokre av desse kan også ha eit delvis offentleg tilbod med opningstider, men sjølve drifta er gjort på frivilleg basis, utan medverknad frå kommunen og med inntekter henta utanom kommunale midlar. I mange år gjaldt dette nesten berre Valderøy museum/Kulturhuset Johansbuda på Valderøya. Det er Valderøy Historielag som eig og driv Johansbuda. Valderøy Historielag eig også Monshuset, som vert nytta som museum (vil omtala meir i eige punkt under). På Synes finst det også ein familie som har teke vare på mange gjenstandar frå området. Ein må vere merksam på at nokre få personar rundt i kommunen kan ha samla lokalhistoriske gjenstandar i større mon. I dag finnast det ikkje nokon heilskapleg oversikt eller plan for å følgje opp desse.

Frå 2020 vart Godøy Kystmuseum fristilt Sunnmøre Museum, og har som omtala i punkt 5.3 inntil vidare formelt status som privat samling. Kommunal støtte til Sunnmøre Museum, sogelag og private museum vart teke bort frå kulturbudsjettet i 2020. Dette har ført til at kommunen satsar lite på kulturminnevern i heile 2020. Det ligg heller ikkje nokon føring om at det kan bli endringar i 2021.

Desse samlingane og sogelaga representerer nesten all gjenstandssamling og mykje av eldre og nyare tids historie. Denne minnebasen er kommunen ikkje lenger med på å støtte opp om. Skal kommunen halde fram med å vere historisk opptekne, er det viktig at kommunen klargjer korleis dei ynskjer å samarbeide med desse instansane i framtida. Ein må også finne meir robuste og berekraftige løysingar på korleis ein vil ta vare på lokalhistoria for heile kommunen samla.

7.1 Monshuset

I dag er Monshuset eigmend av Valderøy Historielag, som held på å restaurere bygget og brukar det som museum. Her finn ein ei skulestove med skuleutstyr frå dei siste 100 åra, eit lokalhistorisk bibliotek, ei innreia stove slik den kunne sett ut i 1950-åra og eit rekonstruert barne- og ungdomsrom frå 1960-talet.

Monshuset var opphavleg våningshuset i Monsgarden. Det var truleg bygd av Salomon Jetmundsen Rørvik, og er frå om lag 1860. Monshuset står i området der det gamle klyngetunet på Valderøya ein gong låg, men det er usikkert om delar av huset kan daterast tilbake til den tid. Rundt 1900 vart huset skada av brann, men det vart bygd opp att. Giske



commune kjøpte Monshuset i 1958, då dei heldt på å bygge ny skule på Valderøya. I mange år vart det brukt som lærarbustad, men seinare også disponert av sosialkontoret i kommunen. Løa og stabburet som opphavleg stod på garden vart rive tidleg på 1950-talet.⁹.

⁹ Odd Egil Valderhaug

8. Vedtaksfreda tekniske industriminne

Dei to vedtaksfreda kulturminna i kommunen er fyrstasjonar. Begge vart freda i år 2000.

Fyrstasjonane er sentrale kulturminne, og er med på å synleggjere Noreg si historie som kyst- og sjøfartsnasjon. Dei har både kulturhistorisk og arkitektonisk verdi¹⁰.

8.1 Alnes Fyr


Alnes Fyr er frå 1852, og er eit tidelegare fiskefyr. Historia til fyret er lang, med mange utviklingstrinn. Det som er bevart i dag er dei to siste trinna: Fyrbygninga frå 1892 og det høge fyrtårnet frå 1937. Fyrstasjonen vart avfolka og automatisert i 1982. Anlegget vert



skildra av Riksantikvaren i nettportalen Kulturminnesøk¹¹ som ein svært god representasjon av ein fyr-type som er relativt sjeldan i Noreg. Utanom sjølve fyrbygningane er også gjerde, hage, støypt gardsplass og kvitmala le-veggar freda. Samanhengen anlegget har med landskapet og tettstaden Alnes vert omtala som sentrale i vernesamanhengen.

8.2 Högstein Fyr

Högstein Fyr på Godøya vart bygd i 1857 og avbemannat i 1905. Det er eit 11 meter høgt, kvitt steintårn, som ligg ytst på ein molo av naturstein. Denne plasseringa av tårnet er karakteristisk, og spesiell i norsk samanheng. Sjølve tårntypen er relativt sjeldan i Noreg, bygd av handtilhogd naturstein og kledd innvendig med hollandsk teglstein, og fyrstasjonen har derfor stor verneverdi¹². Den ligg midt i seglelia for båtar inn til Ålesund, og er eit innseglingsfyr. Högstein Fyr ligg på privat grunn. Eigaren av fyrstasjonen er staten (ved



¹⁰ [Kart - Kulturminnesøk \(kulturminnesok.no\)](#).

¹¹ [Kart - Kulturminnesøk \(kulturminnesok.no\)](#).

¹² [Kart - Kulturminnesøk \(kulturminnesok.no\)](#)

Kystdirektoratet). Giske kommune har ikkje same medverknad i dette området, men har vore aktive i høve til å skaffe pengar til vedlikehald av bygningar m.m. og sette opp skilt.

9. Automatisk freda arkeologiske minne

Det er registrert 60 arkeologiske minne i kommunen. Dette utgjer den klart største delen av freda kulturminne. Denne kategorien inneholder gravminne, gravfelt, busetnings- og aktivitetsområde og anna arkeologisk lokalitet. Kommunen har registrert 10 større bautasteinar frå eldre tid¹³. For full oversikt over kva kulturminne som er automatisk verna i kommunen, sjå vedlegg.

9.1 Dei mest kjende gravhaugane og gravfelta

Dei fem største gravhaugane i kommunen er Mjeltehaugen (Giske), Blimshaugen (Vigra), Kongshaugen (Valderøya), Eilifrøysa (Godøya) og Stølshaugen (Vigra, fjerna i 1874). Desse blir omtala meir utfyllande under dette avsnittet.

Der er elles relativt mange gravminne og gravfelt i kommunen. Dei mest kjende av desse er:

- Alle gravrøysene i fjøra frå Högstein til Sandneset på Godøya.
- Gravrøysane i Skjong-utmarka- Utom fjellet på Valderøya
- Steinalderbuplass og gravrøyser på Gjuv.
- Kyrkjehaugen på Roald med Søndagsskulehuset.
- Området rundt Skjonghellaren.

Det er registrert 16 gardar som har fornminne på garden¹⁴.

¹³ Trude Knutzen, 2004, UiB.

¹⁴ Arthur Fasteland, 1981, UiB.

9.1.1 Mjeltehaugen, Giske

Den første store undersøkinga av Mjeltehaugen starta i 1847. Under denne utgravinga oppdaga ein det ein tolka som åtte steinkister av heller. På innsida hadde desse kistene lokk



som var dekorerte. Fleire utgravingar vart gjort i Mjeltehaugen, i 1867 og 1878. Ved desse utgravingane vart det gjort vidare funn; fleire heller med dekor, to bronsespennar og brende menneskebein. Utgravingane gav i tillegg kunnskap om korleis haugen var bygd opp: Gravhaugen låg oppå ein naturleg sandbanke. Oppe på denne

sandbanken var det bygd éi steinkiste, av åtte heller (ikkje åtte kister som ein trudde opphavleg). Over steinkista var det lagt rullestein, så eit lag med sand og til slutt eit torvlag som dekte gravhaugen. Arkeologen som grov i haugen i 1878 meinte det var to graver frå to ulike historiske periodar inne i Mjeltehaugen. Steinkista i botnen av haugen var den eldste, datert til eldre bronsealder. Eit slikt dekorert gravkammer er eit eineståande funn. Mykje tid og ressursar har vore brukt på dette gravminnet, noko som tyder på at den gravlagde var ein viktig person. Den yngste grava i Mjeltehaugen er ei kvinnegrav, datert til eldre jernalder. Bronsespennene, og truleg også dei brente beina, stammar frå denne grava¹⁵.

9.1.2 Blimshaugen, Vigra

Blimshaugen har opphavleg vore 36 m i tverrmål og 6 m høg, og var bygd i sand, noko Stein og så dekt til med torv. Truleg var den ein del av eit større gravfelt. Inne i Blimshaugen har ein funne heile fem gravleggingar. I fire av desse var dei døde ikkje kremerte. Ein har datert desse fire ubrende gravene til å vere frå om lag 300 e.Kr. Ut frå innhaldet i gravene har ein funne at der ei mannsgrav, to kvinnegraver og ei barnegrav (jente). Dei rikaste gravgåvene i haugen var i kvinnegravene. Her fann ein leirkar, vinsil av bronse, gullring, halsband med perler av rav, kammar av jern og bein og spinnehjul av bronse. I utgravingane vart også restar av kleda til den eine kvinnen funne. Jentegrava inneheldt mellom anna eit halsband av 13 glasperler. Funn av barnegraver frå denne tida er sjeldan. Mannsgrava inneheldt mellom anna spydspiss, lanse, syl og knivar av jern og ein pinsett av bronse. Arkeologane meinte at dei fire gravleggingane var gjort samtidig, og at det var desse som var primærgravene i haugen. Altså at Blimshaugen opphavleg var eit gravminne over fire personar. Årsaka som låg bak dei

¹⁵ Mathisen, Silje Opdahl. Dei store gravhaugane i Giske kommune, 2004.

samtidige dødsfalla kan ein ikkje vite noko sikkert om, men det var uvanleg å gravlegge så mange samtidig, i same gravhaug¹⁶.

9.1.3 Kongshaugen, Valderøya

Kongshaugen er bygd opp av rullestein med torv lagt over. Den var opphavleg om lag 42 m i tverrmål og 3 m høg. I botnen av Kongshaugen har ein funne restar av ein båt, datert til om lag 245 e.Kr. Ein veit ikkje sikkert om båten er delar av ei grav eller til dømes restar etter ofring i myr. I eit steinsett kammer lenger oppe i haugen, fann ein brende beinrestar liggande inne i ein bronsekjele av vestlandstypen. Det var også funne mellom anna ein betalingsring av gull, dråper av smelta gull og sølv, to terningar og tre spelebrikker av bein, og 18 bjørneklor. Grava vert datert til å vere frå om lag 300 e.Kr¹⁷.

9.1.4 Eilifrøysa, Godøya

Eilifrøysa ligg på Høgstein-neset på Godøya. Gravrøysa har eit tverrmål på om lag 37 m og er 5 m høg. Det var først i 1962 ein oppdaga at der var eit gravkammer inne i denne torvdekka



steinhaugen. Før dette hadde ein lenge teke ut stein frå Eilifsrøysa. Ei stor steinhelle låg som lokk over gravkammeret inne i denne røysa. I gravkammeret har ein funne ein vestlandskjele med brende beinrestar. Gravkammeret inneheldt også importsaker, då mellom anna to sølvbeger, ein betalingsring av gull og ein kopi av ein romersk mynt (gullmedaljong). Denne mynten

hadde inskripsjonen Constans på den eine sida og ein dyrefigur på den andre. Keisar Constans regjerte i år 337-350 e.Kr. Bitar av ein bein-kam, fem pilspissar av bein og bjørneklor vart også funne i Eilifrøysa¹⁸.

9.1.5 Stølshaugen, Vigra

Stølshaugen låg opphavleg på garden Blindheim på Vigra, men den vart fjerna i 1874.

Stølshaugen hadde eit tverrmål på om lag 30 m, og ei høgde på 4 m. Inne i ei lita hellekiste i denne gravhaugen vart det funne ein bronsekjele av vestlandstypen. Kjelen inneheldt brende

¹⁶ Mathisen, Silje Opdahl. Dei store gravhaugane i Giske kommune, 2004.

¹⁷ Mathisen, Silje Opdahl. Dei store gravhaugane i Giske kommune, 2004.

¹⁸ Mathisen, Silje Opdahl. Dei store gravhaugane i Giske kommune, 2004.

bein og mellom anna ein spiralforma gullknapp. Oppå dette låg eit glasbeger og eit muslingskal. Som lokk på denne kjelen låg eit bronsefat, som var importert frå Rhinområdet. Stølshaugen er datert til å vere frå 400 – 600 e.Kr.

9.2 Busetjings- og aktivitetsområde

Ein god del av dei automatisk freda kulturminna i kommunen er busetjings- og aktivitetsområde. Ein har mange døme på desse på alle dei fire øyane, med dateringar alt frå steinalder til jernalder. For oversikt over desse, sjå tabellane i vedlegget med liste over kulturminna i kommunen. Ein kan også gå inn på kulturminnesok.no og nytte kartfunksjonen der for å få betre oversikt over kvar alle desse felta er lokalisert nøyaktig.

10. Kulturminne med status som regionalt verneverdige

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal kom i 2015 ut med «Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi»¹⁹. Her finn ein oversikt over kulturminne frå kvar av kommunane i fylket som dei meiner er verneverdige, anten av nasjonal eller regional verdi. Desse kulturminna/kulturmiljøa er lista som regionalt verneverdige i kulturminnesøk.no. Frå Giske kommune har denne planen identifisert 16 objekt som dei foreslår verna. Tre av desse med nasjonal verneverdi: Vigra kringkastar, åbordar/åburdar Valderøy og Alnes fiskevær. 13 av desse med regional verdi: Naustrekke Blindheim, naustrekke Gisegjerde, Saltebu Ytterland, Erkna fyr, Storholmen fyr, Hustruhamna Valderøya, Tollstasjonen Valderhaugstranda, Fellesfjøsen Vigra, gardstun Molnes, Valderøy kyrkje, Vigra Heeres-Küsten-Batterie, Søndagsskulehuset Roald og Solbakken skule. Der er elles nokre fleire objekt frå kommunen som ligg inne med vernestatus regionalt verneverdig i kulturminnesok.no. For full oversikt, sjå vedlegg med liste over kulturminne i kommunen. Under vil ein dei nemnde regionalt verneverdige kulturminna omtalast meir utfyllande. Nokre av dei vert tatt føre seg i andre delar av planen (Alnes, Valderøy kyrkje, Vigra Heeres-Küsten-Batterie).

¹⁹ [Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.pdf](#)

10.1 Vigra kringkastar


Sommaren 1935 vart det sett opp to antennemaster og eit sendarbygg på øya Vigra utanfor Ålesund. I november same året kom Vigra kringkastar på lufta for første gong. Anlegget har vore viktig for kringkasting og kommunikasjon, då også med tanke på sjøfarande og fiskeflåten.

Etter det tyske åtaket på Noreg 9. april 1940, heldt Vigra kringkastar stand nokre dagar, som den siste, frie radio-sendaren i Sør-Noreg. Den var då del av Noreg sitt viktigaste militære samband til dei allierte i London. 15. april vart sendarbygget råka av ei bombe som øydelte det fullstendig. Etter det tok dei tyske okkupantane over drifta av kringkastingsstasjonen. Etter krigen måtte mellombelse løysingar til for å halde drifta gåande, fram til 1948. Då vart eit nytt sendarbygg sett opp og teke i bruk. I 1952 vart dei to antennemastene som hadde stått der sidan før krigen, erstatta av ei ny mast. Masta var på heile 242 meter; visstnok det høgste byggverket i Norden på det tidspunktet. Sendingane frå Vigra heldt fram til 30. juni 2011. 8. september same år vart antennemasta riven. Dei siste åra har ei venneforeining halde anlegget i stand, og formidla historia til Vigra kringkastar.



10.2 Åbord/Åburd

Omgrepet åburd/åbord vert nytta om landfeste for fortøyning av båt, og kan dermed tyde både stein, ring og påle. I dag vert «åburd» helst brukt om fortøyingspålar, som dei vi finn på Valderhaug på Valderøya. Kring desse pålane er det lødd opp ein steinmur, som forsterkar festet. Åburdane har dei seinare åra blitt ytterlegare forsterka, ved at steinmuren har blitt



erstattat av betong. Dateringa av desse landfesta er uviss, men truleg har dei vore sett opp på 1700-talet. På den tida var det tollstad på Valderhaug og fleire kremmarsete i dette området. Åburdane vart nytta til å fortøye akterenden av fartøyet, medan ein hadde anker ute. På gamle kart kan vi sjå at det på Valderhaug også var lagt ut fortøyingsbøyar for større skip. Åburdar er sjeldne kulturminne, og dei vi finn på Valderøya er, utanom restane av ein av dei som stod sør for Støbakken på Godøya, dei einaste som er att i Møre og Romsdal.

10.3 Naustrekke Blindheim

Naustrekka ved Blindheimsundet på vestsida av Vigna, er sett opp i ei slags vifteform. Med si plassering ut mot storhavet er dette nok gjort for at nausta skal skjerme kvarandre for vind og vêr. Nausta er grindbygg, og truleg er dei fleste sett opp i åra kring 1860. Dei har vore bygde for å romme større bruksbåtar, som seksringar og åttringar. I 1880 var det i alt 46 åttringar fordelt på 16 bruk, på Blindheim. Få år seinare gjekk denne båttypen ut av bruk, og vart erstattat av dekksbåtar og båtar med motor. Fleire av nausta vart då korta inn. Oppmåling har synt at nausta er noko breiare nedst enn øvst. Truleg vart dei sett opp slik for at dei betre skulle kunne tolke hardt vêr. Nausta hadde torvtak, men fleire stader er torva seinare blitt skifta ut med stein. Eitt av bygga skil seg ut frå dei andre. Dette bygget har ein kjerne av tømmer. Her låg «Fellesbrenneriet», tranbrenneriet for fiskarane frå Blindheim. På det meste låg det 33 bygningar i dette området. Etter andre verdskrigen vart fisket mindre viktig, og bygga tok til å forfalle. I dag er det berre eit titals att, men desse er godt teke vare på.

10.4 Naustrekke Giskegjerdet

Aust på øya Giske ligg garden Giskegjerde. Stranda på Giskegjerde er godt plassert i ly for storhavet som slår inn frå vest. Dei første bebuarane tok til å rydde jord på Giskegjerde på 1700-talet. På den tida vart staden omtala som Giskegrøfta. Namnet kjem av at noko av det

hellande terrenget ned mot sjøen var greven ut, som ei grøft. Denne formasjonen, i tillegg til plasseringa i ly for vind og bølgjer frå vest og nord, gjer at stranda på Giskegjerde høver godt til å setje større båtar på land. Tradisjonen seier då også at Giskegrøfta er den eldste båtstøa på øya. Giskegrøfta var tidlegare godt synleg, der ho låg midt i naustrekka. I dag er ho vanskeleg å få auge på. Nye naust, og oppfylling og støyping av kaier og plattingar, har endra på terrenget. Naustrekka på Giskegjerde er altså ei blanding av eldre og nyare naust. Dei eldste nausta er frå siste delen av 1800-talet. Desse vart nytta til å huse åtringar og andre større båtar.

10.5 Saltebu Ytterland

Saltebua var staden der fisken vart stelt, salta og lagra. Også finare vogn, som liner og snører, vart oppbevart her. Saltebuene var mindre enn åtringsnausta, og var innreia annleis enn desse: Buene var delt inn i to rom. Romma vart kalla «innbua» og «utbua». I innbua, lengst



frå døra, var veggar og golv solid tømra. Det tette rommet var velegna for lagring av fisk som skulle saltmodnast. Utbua var i vanleg stavverk. Her var det trekkfullt; noko som passa til oppbevaring av vogn, tauverk og anna utstyr til båten. Saltebua på Ytterland har truleg vore sett opp i andre halvdel av 1800-talet. Bua er eit grindbygg, men den inste delen har ein kjerne av tømmer.

Den delen av huset som vender mot sjøen, står på pålar. Resten kvilar på berget. Mot sjøen er ei opning der det har vore ei dør. Ved sida av opninga står eit spel med tau og krok i enden. Spelet har vore nytta til å losse og laste fisk. Det er uvisst kor lenge denne bua var i bruk som saltebu. Truleg har ho ikkje vore nytta til dette føremålet etter andre verdskrigene. Saltebua på Ytterland skal vere den einaste i sitt slag som framleis står att i Møre og Romsdal.

10.6 Tollstasjonen Valderhaugstranda

Frå tidleg på 1600-talet fanst der ein tollstasjon på Valderhaugstrand på Valderøya. At Valderhaugstrand vart valt ut som tollstad, hang saman med at staden låg ved innlaupet til Trondheimsleia, og hadde ei lun og god hamn. Både store seglskuter, på veg til Trondheim eller Arkhangelsk, og nordlandsjekter på bergens-ferd, var eit vanleg syn på staden. Ofte vart skipa liggjande i dagar eller veker, medan dei venta på høveleg vind og vêr til å kome seg vidare. På 1700-talet vart tollstasjonen lagt under tollaren i Molde. Då Ålesund vart eigen

tollstad i 1825, vart stasjonen lagt under denne. Tollstasjonen på Valderhaugstrand var i drift fram til 1924. I dag er det berre naust og landingsvorar som står att etter tollstasjonen. Men også fortøyingsstakane som framleis finst i dette området, åburdane som dei vert kalla, er kulturminne knytt til denne verksemda.

10.7 Fellesfjøsen Vigra

Planlegging av ein fellesfjøs på Vigra kom i gang i 1946. Initiativet spegla optimismen i attreisingstida etter krigen, der samvirketanken stod sentralt. Året etter vart foreininga



Fellesfjøsen skipa, med bindande kontraktar for deltakarane. Våren 1948 starta bygginga av fjøsen. Dei fire tårnsiloane vart bygde først. All sement vart blanda for hand, frakta i trillebår og heist opp i stillaset som vart reist. Like før jul 1950 kunne denne første fellesfjøsen i landet,

innviast. Innreiinga var topp moderne, og ei ny elektrisk mjølkemaskin stod klar til bruk. Golvflata var på 500 kvadratmeter, noko som ga plass til 64 mjølkekryr og båsar til ungdyr. Føret vart vegd når det kom inn. Overskotet av drifta vart fordelt etter kor mykje fôr kvar deltakar bidrog med. Drifta av fellesfjøsen heldt fram til byrjinga av 1980-talet. Etter nokre år som fjøs for ungdyr, vart bygget selt til nye eigararar. Sidan har fellesfjøsen vore nytta til heilt andre føremål, men namnet heng framleis ved.

10.8 Hustruhamna Valderøy

Opphavet til namnet «Hustruhamna», bukta som ligg på vestsida av Valderøy, er uvisst. Ei trygg og roleg hamn var det i alle fall. Rett utanfor innlaupet ligg eit skjer som stengjer storbåra ute. Også namnet «Jægtevika» har vore nytta. Bukta har nok vore hamn for sjøfarande langs kysten langt tilbake i tid. Fiskeværet i Hustruhamna vart bygd opp i andre halvdel av 1800-talet. Her var det båtstør og vorar, naust, tranbrenneri og saltebuer, rorbuer og bustadhus. Så lenge vinter- og vårfisket etter torsk gjekk føre seg frå åtringar og andre opne båtar utan motor, var her eit yrande liv gjennom heile fiskesesongen. Eit tjuetals storbåtar, med meir enn 100 mann til saman, kunne ha tilhald i Hustruhamna på same tid. Dei

fleste av bygningane var eigd av folk frå Skjøn og andre gardar i nærleiken. Dessutan var det særleg fiskarar frå indre Sula som heldt til i Hustruhamna. Dei same folka kom gjerne att kvart einaste år. Ut over på 1900-talet, etter kvart som båtane fekk dekk og motor, vart fisken i aukande grad levert direkte til mottak i byen. Dermed gjekk det jamt nedover med aktiviteten i Hustruhamna. 1938 var siste året det låg fiskarar her. Allereie då stod fleire av husa til nedfalls. I dag står berre nokre steinmurar att.

10.9 Gardstun Molnes



Gardstunet på Molnes er eit døme på gardstun som var vanleg på kysten av Sunnmøre på 1800-talet. Her stod dei ulike bygningane gjerne svært tett. Blant bygningane på Molnes-tunet representerer Ellingstova eit typisk våningshus frå tiåra før 1850. Desse husa hadde ei stove i kvar ende, og gang og

kjøkken i midten. Ofte var det sovekammer bak stovene. Frå gangen gjekk det trapp opp til to loftsrom. Skikken med å byggje på ei halv eller ei heil høgd, kom etter kvart som dei gamle røykomnane vart skifta ut med jarnomnar med pipe. Økonomisk oppsving som følgje av aukande deltaking i det årlege torskefisket, var ein viktig pådrivar for dette som vart omtala som «påbyggingsskikken». Det var gode pengar å tene på innlosjering av fiskarar. I torskesesongen kunne der bu to båtlag i Ellingstova, eitt på kvart loftsrom. Om dette var to åtringslag, vil det seie 14 mann til saman. I bestestova hadde båtlaga oppholdsrom.

10.10 Solbakken skule

I 1890 vart øya Vigra skilt ut frå Haram og vart eigen kommune. Noko av det første dei folkevalde i den nye kommunen tok tak i, var å setje i gong planlegging av ein ny skule på



grensa mellom Røsvik og Synnes. Då skulen stod klår til bruk, 1. januar 1893, vart også Blindheim innlemma i denne skulekrinsen. Dei første åra budde læraren i eit av romma i hovudetasjen. I 1917 vart Ragna Blindheim tilsett ved skulen. Som ein del av lønsvilkåra fekk ho husvære på loftet i bygget. Dermed fekk skulen to klasserom: eit for «småskulen»

og eit for «storskulen». Solbakken skule var i bruk som skule fram til 1957. I åra etter vart bygget nytta som søndagsskule, elles stod det tomt. I 1970 vart foreininga Solbakkens venner danna. Foreininga tok initiativ til ei omfattande istandsetjing av skulebygget. Bygget står difor i dag fram slik det såg ut då skulen var ny. Det inneheld eit lite skolemuseum, og vert også nytta til møte og tilskipingar.

10.11 Søndagsskulehuset på Roald

På Roaldhaugen på Vigra, eller Kyrkjehaugen som staden også vert kalla, har det gjennom tidene stått fleire kyrkjer. Huset som står her i dag kan også minne om ei kyrkje, men dette bygget har heile tida vore søndagsskule. Roald sundagsskule vart skipa i 1904, og hadde dei



første åra tilhald i kjellaren på Roald skule. Etter kvart som barnetalet auka, vart det i 1925 sett i gong innsamling av midlar til eit eige bygg for søndagsskulen. Huset vart innvia i 1930, har plass til om lag 100 personar, og er stadig i bruk. Arkitekt Øyvin Berg Grimnes teikna huset, og murmeister Heinrich Schmidt fekk sett det opp. Lysekrona som heng i taket er laga av Jakob Sørensen Giskegaard, kjent som «Tavle-Jakob». «Tavle-Jakob» er også gravlagd på

gravplassen ved bygget; ein gravplass som har vore der langt tilbake i tid. Søndagsskulehuset på Roald er den einaste eldre bygninga av sitt slag i Møre og Romsdal. Det at huset er forma som ei krosskyrkje, gjer det til ei svært sjeldan bygning, også arkitektonisk.

Kyrkjehaugen som søndagsskulehuset står om lag midt oppå (kyrkjehaugen på Roald), har status som automatisk freda, og vert omtala i Kulturminnesøk som ein middelalderkyrkjegård.

10.12 Erkna fyr

I 1863 vart det teke eit privat initiativ for å få sett opp ei fyrlykt på øya Erkna nordvest for Vigra. Det var særleg under vinter- og vårtorskefisket at behovet var merkbart. Fyrdirektøren meinte likevel at det offentlege, og ikkje private, burde sørge for at ei fyrlykt kom på plass. Då Erkna ikkje hadde fastbuande, vart det difor løyvd midlar både til fyrlykta og til ein bustad for fyrvaktaren. Den 25. januar 1870 vart den første fyrlykta tent på øya. Dei første åra lyste

fyret under fiskesesongen, frå 25. januar til 18. april. I 1895 vart brenn-tida utvida, og fyret vart no tend kvar kveld frå 1. august til 15. mai. Våren 1945 vart fyrstasjonen øydelagt etter eit åtak frå allierte fly. Ein ny og moderne stasjon stod ferdig i 1950. Då det kan vere vanskeleg å kome seg i land på Erkna, vart det også laga til tre ulike stader der båtar kunne leggje til. Frå 1970 tok helikoptertrafikken over, til fyret vart automatisert i 1988. Eit par år seinare vart fyret på Erkna avbemanna.

10.13 Storholmen fyr

Storholmen ligg om lag 12 kilometer nordvest for Vigra, og er svært utsett for vind og vêr. Då fyret stod ferdig i 1920, vart det difor bestemt at her ikkje skulle vere bustad for ein familie. I staden vart det sett opp hus for fyrvaktar og to assistenter. Dei var avhengige av at ein båt kunne leggje til ved ein av dei tre landingsstadane som etter kvart vart laga til. Då det er steile fjellveggen rundt holmen, var det sett opp kran ved kvar landingsstad, slik at mannskapet kunne heisast på land ved hjelp av ein båtsmannsstol. Å leggje til med båt var vanskeleg, sjølv i godt vêr. Haust og vinter kunne det difor gå veker, jamvel månadar, utan at mannskapet fekk kome heim. Livet på fyret vart mykje enklare då det frå 1970 vart etablert helikoptersamband mellom Storholmen og flyplassen på Vigra. Storholmen fyr vart automatisert og avbemanna i 1980.

11. Kyrkjer

11.1 Giske kyrkje (automatisk freda)



Giske kyrkje vart bygd på 1100-talet, og var eit gardskapell for den mektige Giskeætta. Kyrkja er ei langkyrkje i marmor, og er bygd i romansk stil med rundboga dører og vindauge. Ein kan ikkje med visse seie kven som har bygd henne. Der er vore gjort nokre endringar på sjølve kyrkjebygget sidan ho vart reist. På 1860-talet vart blant anna vindauga laga større. Våpenhuset som ligg i vest i dag, er også kome til i seinare tid. Dagens interiør er i stor grad frå 1700- og 1800-talet. Altertavle, alterring og krusifiks er skåre av Jakob Sørensen Giske-Gaard («Tavle-Jakob») i 1756²⁰.

²⁰ www.kirkesok.no/kirker/Giske-kyrkje

11.2 Vigra kyrkjestad (listeført kyrkje)



Vigra kyrkje vart bygd i 1894, og er ei trekkyrkje. Den har vernestatus som ei «listeført kyrkje», som vil seie at det er eit kyrkjebygg frå perioden etter 1894, med særleg høg verdi. Der har truleg vore tre kyrkjer på Vigra, før dagens kyrkje vart bygd. Den første kyrkja veit ein ikkje så veldig mykje om. Den andre kyrkja brann opp på 1700-talet då

den vart treft av lynet. Tredje kyrkja vart riven i 1896, då dagens kyrkje stod ferdig oppført. Alle desse tre tidlegare kyrkjene var lokaliserte der Søndagsskulehuset på Roald no står²¹.

11.3 Valderøy kyrkjestad (regionalt verneverdig)



Valderøy kyrkje er ei langkyrkje som er bygd i mur, og stod ferdig i 1961²². Kyrkja er per i dag ikkje verna, men er sett opp av fylket som eit kulturminne av regional verdi som er foreslått verna.


²¹ [Vigra kyrkje - Giske kyrkjelege fellesråd \(kirken.no\)](#)

²² [Valderøy kyrkje - Giske kyrkjelege fellesråd \(kirken.no\)](#)

12. Verna landskapsområde med historisk verdi

12.1 Skjonghellaren, Valderøya

Skjonghellaren er ei av dei mest kjende holene på norskekysten. Hola er 70 meter på det breiaste, og går over 140 meter inn i fjellet. Det er rundt 20 meter lausmasse i botnen av hola. I dette laget har ein grave fram masse restar av dyrebein som vart datert 30 000 år tilbake i tid.



Også menneskespor finnast i hola og er datert tilbake til 600 år e.kr.. Fleire spor finn ein rett utanfor på ei rydda slette ved Skjonghellaren. Denne sletta vart rydda og tatt i bruk omkring 1000 år f.kr.. Her kan ein sjå mange steinrøyser etter rydding av jordbruksland samt nokre steingraver.

Skjonghellaren har vernestatus som eit automatisk verna kulturminne.

Det er i dag tilrettelagt gangveg eit stykke opp til hola. Følgjer ein eit spor opp etter steinrøysa kan ein kome heilt inn i hola. Skjonghellaren er godt merka med skilt.

12.2 Makkevika/Kvalneset, Giske

Makkevika/Kvalneset ligg vest på øya Giske. Området er spesielt frede i høve til hekkande og trekkande fuglearter. Her finst eit stort tal arter med trekkfugl vår og haust. Rundt 220 arter er til no blitt registrert i kommunen. Også nokre sjeldne artar kjem innom. Når ein ønskjer å ta med dette området her, er det først og fremst teigdelinga på Giske som ein vil ha fokus på. Før teigdelinga kom i stand, høyrde utmarka til alle bruken i matrikkelgarden. Jordene kunne vere eigd av kongen eller kyrkja, her eigaren av Giskegodset. I praksis var det bøndene som dreiv utmarka. Utmarka blei delt mellom gardsbruken kvart år av ei oppnemnd gruppe bønder frå kvar øy. Etter dei første utskiftingane vart fast teigdeling innført. Hensikta var heile tida at dei som eigde eller leigde jord skulle ha likt med god og dårleg jord. Det gjaldt også området til anna bruk, som tørkeplassar for fisk og torv til brensel m.a. Heile Giske var før utskiftinga eit stort klyngetun midt på øya. Områda rundt var mykje utmark og blei brukt til beite og forsanking til dyra. Steinrike stader vart nytta til tørkeplass for fisk. Utskiftinga av landområdet førte til at klyngetunet på Giske vart borte. Berre enkelte hus står att. Dei andre bruken flytta husa sine til der jorda deira var. Grensene mellom bruken blei retta opp

og jordstykka blei meir rektangulære. Dette ser ein tydeleg når ein samanliknar gamle og nye kart.

Utmarka blei ofte ikkje med i utskiftingane, fordi dei mest var beite, og ein ikkje såg verdien av å dele opp beiteområda på kvart bruk. Område med torv til brensel og tørkeplassar for fisk, var viktige for folk heilt opp til 1950-talet. Det var også vanleg enkelte plassar å leige ut delar av fisketørkeplassane til folk utanfor kommunen. Dette gav ei viktig ekstrainntekt til dei som budde på øyane. I tillegg var det også heilt vanleg å leige ut husrom og plass ombord på fiskebåtane som mannskap. Ein betalte då ein del av dei pengane ein tente på fisket til hus- og båteigar, resten fekk ein behalde sjølv. Dette førte til at folk på øyane klarte seg betre i dårlige tider enn andre lengre inne i landet. Ein må i hovudsak tilbake i tida rundt 1700- og 1800-tallet. Verksemda blei heilt borte på 1950-talet, med oppstart av ei ny tid då mykje skulle bli nytt og betre i Noreg, og gamle arbeidsmetodar og handverk blei lagt ned.

12.3 Molnes naturreservat, Vigra



Naturreservat er den strengaste forma for områdevern. Molnes naturreservat inneheld sjeldan og sårbar natur. Her finn ein mellom anna nokre plantar som berre veks nokre få stader i Noreg. Området vert mykje brukt som turområde, sjølv om det er sett nokre grenser for dette. Naturen inneheld mykje spennande å sjå på, mellom anna ei rekkje jettegryter. Ein finn også spor fra steinalder, samt ei rekkje krigsminne. Området vert brukt til beite for storfe.

12.4 Alnes, Godøya

Det er ikkje mykje som er freda på Alnes. Berre litt rundt sjølve fyret og nokre verna kulturminne. Heile området, slik det går fram av kartet, blei registrert som eit spesielt viktig nasjonalt område å ta vare på av Fylkesmannen på slutten av 1990-tallet. Dette var i høve til ei biologisk undersøking i Møre og Romsdal. Alnes blei stempla som nasjonalt viktig, og vart ein av nokre få stader i fylket som fekk denne høge rangeringa.

Ein kan sjå at Alnes inneheld eit kulturlandskap som tydeleg viser korleis staden har vorte forvalta i lang tid. Frå nyare tid finn ein mellom anna hus frå tidleg 1800-tal og fram til vår tid. Alt dette speglar utviklinga i området på ein heilskapleg og unik måte. Mange av desse

bygningane er godt tekne vare på, og dannar eit lokalsamfunn som framleis er levande og utviklar seg vidare. Alnes fyr har status som verna industriminne av nasjonal verdi, og er vedtaksfreda.

Alnes har vorte utvald som eitt av 46 område i Noreg som vert kalla «utvalde kulturlandskap». Desse landskapa vert sett på som særeigne jordbrukslandskap med store biologiske og kulturhistoriske verdiar. «Utvalde kulturlandskap i jordbruket» er ei fellessatsing mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Målet er å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og dermed også sikre langsiktig skjøtsel og drift²³. Ordninga blir forvalta lokalt av landbruksavdelinga og miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen, saman med kulturavdelinga i



fylkeskommunen. Det er mogleg å søkje om midlar til ulike tiltak for å ivareta desse områda som er med i satsinga²⁴. At Alnes er vald ut som eit område som er verd å sikre for framtida i denne satsinga, mellom anna med tanke på kulturminne og kulturmiljø, sender også signal om verneverdien dette området har.

13. Spesielle hus/bygningar

Ein har vald å trekke fram nokre hus frå kommunen som har ein særskild karakter i kulturminnesamanheng. Det er både folk frå øyane og fagfolk som har peika ut bygga i denne kategorien. Dei ein har vald å trekke fram her er:

- Schmitts hus; eitt på Vigra og to på Godøya.
- Ellingstova, Vigra.
- Giske gamle skule 1904, Giske.
- Solbakken skule, Vigra.
- Valderøy gamle skule frå 1909, Valderøya.

²³ [Om Utvalgte kulturlandskap - Landbruksdirektoratet](#)

²⁴ [Alnes – det nye utvalde kulturlandskapet vårt | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#).

- Monshuset, Valderøya.
- Fellesfjøset, Vigra.
- Oppigardstova, Godøya. Losstove i minst fem generasjonar. Gamle – losstova med Fiskjekar-loftet (1700-tal) og ungelos-stova (1856) med losutstilling om 24 losar på Godøya.
- Eirik-fjøsen, Godøya. Siste sommarfjøs Jussgarden. Sommarfjøsane var ein viktig brikke i årssyklusen, der ein nytta utmarka og fjellet som beiteressurs for å bevare avlingane på bøane.


Det einaste av desse bygga som er verna er Ellingstova på Molnes. For bygga som ikkje er tillagt vern så vert det stort sett opp til eigar å halde desse i stand, og ein kan ikkje rekne med at alle bygga vil bli ståande slik dei gjer i dag for framtida. Likevel representerer desse bygga noko spesielt både som type bygg, men også med soga som ligg bak. Ein treng tid til å tenkje gjennom og ta stilling til korleis desse bygga skal ivaretakast for ettertida. Ein start er å gjere folk merksame på kva bygga representerer for staden.

Når det gjeld fellesfjøset på Vigra, bør ein få til ei avklaring på kva kommunen ønskjer å gjere med bygget og området. I delplanen for kulturminne i fylket frå 2015, vart Fellesfjøset trekt fram som eit kulturminne som var verneverdig, som eit «unikt landbruksminne» og som eit «døme på fellestiltak i 1950-åra». Bygget har gjennom siste eigar blitt endra så mykje innvendig at det ikkje lenger har den same kulturhistoriske verdien. Også utvendig har bygget blitt noko endra. Bygget er no i ein slik forfatning at det i prinsippet bør vurderast riving dersom ein ikkje finn midlar til å setje det i stand. Kommunen står fritt til å forvalte bygget og eigedomen sjølv om det ligg inne i MK-planen å ta vare på dette.

14. Krigsminne og krigsminnesmerke

14.1 Minnestinar og minnetavler over falne i andre verdskriegen og omkomne på sjøen
Der er totalt fem minnestinar og minnetavler i kommunen i dag. Ved Vigra kyrkje, Godøy bedehus og Valderøy kyrkje står der på kvar av stadane ein minnestein over dei som gav livet for Noreg under andre verdskriegen. Ved Valderøy kyrkje står der også ein minnestein over omkomne på sjøen. Minnestenen ved Giske kyrkje er også over dei som har kome vekk på sjøen, der ein av dei omkomne også var krigsseglar.

14.2 Krigsminna ved Roald/Molnes



Under andre verdskrigen, nærmere bestemt i 1941, sette dei tyske okkupantane i gong arbeid med å bygge eit kystbatteri på Roald på Vigra. Anlegget stod klart til bruk 30. juni 1941, men det vart gjort byggearbeid på denne staden heilt fram til freden. I alt vart her sett opp 10 brakker, 23 bunkerar og 10 andre bygningar; i tillegg til tunnelar, kanonstillingar og skytestillingar. Kystbatteriet på Roald var eit hær-kystbatteri, og hadde først nemninga 578. Frå 1943 fekk det nemninga HKB 32/976. Batteriet låg under Artillerigruppe Ålesund, og vart sett opp med fire 10,5 cm K331- kanonar. Desse hadde ei skotvidde på om lag 12 000 meter. I 1942 kom det eit femtals krigsfangar til Roald. Fangane vart sett til byggearbeid på sjølve kystbatteriet, men vart også nytta til anna arbeid. 10. august 1944 gjekk allierte fly til åtak på kystbatteriet på Roald. To tyske soldatar vart alvorleg, og ein lettare, skada i åtaket. 14. oktober same år kom eit nytt fly-åtak. Denne gongen vart ein tysk soldat drepen og ein alvorleg, og to lettare, skada. I dag finn ein igjen ruinane etter dette Hærkystbatteriet. Anlegget på Roald låg under hæren, medan anlegget på Molnes truleg først låg under Luftwaffe, men seinare under marinen. Det som særprega anlegget var radarstasjonen (type FuMO-214, og ein «Freya») på Molnes, Vigra. Krigsminnet har vernestatus som regionalt verneverdig.

14.3 Trollkjelen

Bak nokre knausar ovanfor Valdervoll ligg grotta Trollkjelen. Denne grotta går 10 meter loddrett nedover, før den så går 25-30 meter vassrett innover i fjellet. Under andre verdskrig vart den nytta som skjulestad for motstandsfolk som tyskarane var ute etter. Ein av dei som gøynde seg her var Johan O. Roald. Mot slutten av krigen vart bror til Johan, Sverre Roald, arrestert av tyskarane. Johan måtte då gå i skjul, og fekk hjelp til dette av Knut E Valderhaug,

som var ein viktig medhjelpar for mange av motstandsfolka som skulle flykte over til England. Knut var kontaktperson for militærorganisasjonen «Antrum» og medlem i etterretningsorganisasjonen «Haga». Sverre og Johan O. Roald hadde også vore aktive medlemmar i dei same organisasjonane. Knut hjalp Johan med å skaffe falskt pass og finne gøymestad, i første omgang i Trollkjelen. Hit kom også Knut med mat til Johan. Dette måtte gjerast på ein slik måte at ingen fekk mistanke om kva han heldt på med. Etter å ha observert tyske rassiaer på Vigra, vart det slutta å flytte Johan. Han opphaldt seg først to netter i Skjonghellaren, før han rodde over til Godøya der han låg i dekning i ei ny hole. Etter åtte døgn på Godøya rodde han til Sykkylven der han hadde slektingar²⁵.

14.4 Krigsminnesmerke i fjellveggen på Godøya (regionalt verneverdig)

Krigsminnet er ei hole som var gøymestad for Johan Roald i april-mai 1945, då han var på flukt frå tyskarane. Krigsminnet har vernestatus som regionalt verneverdig²⁶.

14.5 Skuleloftet som berga liv, i dag ein del av Godøy kystmuseum

Krigsminnesamlinga på skuleloftet der lærar Jakob Rørvik gjennom to år gjøymde flyktningar til han måtte flykte sjølv.

14.6 Daudmannshola

Daudmannshola ligg oppe i fjellsida på Valderøyfjellet. Den er ikkje synleg frå vegen, men ligg om lag midtvegs mellom Valdervoll og Skjonghellaren. Hola kan vere vanskeleg å kome seg opp til, men er i dag mykje brukt av fjellklatrarar. Under den nordiske sjuårskrigen frå 1563 til 1570 var den gøymestad for tre svenske soldatar, som etter tre veker vart funne døde oppe i hola. Krigen var mellom Noreg, Danmark og Polen på den eine sida, mot Sverige på den andre. Over heile Noreg sende Sverige hærstyrkar for å tvinge nordmenn til å underkaste seg den svenske kongen. Til Sunnmøre kom det også hærstyrkar sjøvegen, som ankra opp ute i Valderhaugfjorden. Svenskane frå krigsskipet reiste i land og stal og herja mykje på gardane på Valderøya og Giske. I same tidsrom låg der eit norsk krigsskip ved Ulsteinvik. Etter ei episode ved Borgund kyrkje, der svenske soldatar hadde omringa kyrkja og prøvd å tvinge folket til å underkaste seg Sverige, bestemte dei seg for å gå til åtak på det svenske krigsskipet. Med eit svensk flagg i masta, lurte det norske krigsskipet svenskane, og skaut mot det til det sokk. Alle om bord det svenske krigsskipet, utan om tre menn omkom i dette åtaket.

²⁵ Odd Egil Valderhaug

²⁶ [Kart - Kulturminnesøk \(kulturminnesok.no\)](http://Kart - Kulturminnesøk (kulturminnesok.no))

Dei tre overlevande svenskane klarte å kome seg i land på Valderøya. Her vart dei jaga av lokalbefolkinga, og enda tilslutt opp med å gøyme seg i Daudmannshola. Tre veker seinare vart svenskane funne døde – dei hadde svolte og fryse i hel oppe ved skjulestaden sin i Daudmannshola²⁷.

15. Maritime minner

15.1 M/KR Lysglimt

M/KR Lysglimt har tidelegare søkt om vernestatus, og vore nr. 81 på Riksantikvarens fartøyliste. Fartøyet blei bygd i 1946 på Vestnes, eigd av Olgar Sæther og Oscar Thu frå Valderøya.



Den var opprinnelig 49 fot, seinare forlenga til 57,8 fot. M/KR Lysglimt blei brukt til kystfiske, sildefiske med garn om vinteren og elles i året som trålåt for sild, torsk, sei og hyse. Omkring 1990 vart M/KR Lysglimt bygd om til reketrålar. Støtteforeininga for Lysglimt tok over båten i 2004. Dei hadde som hovudføremål å ta vare på M/KR Lysglimt, som eit kulturminne.

9.juni 2021 fekk dei melding frå Hamnevesenet om at M/KR Lysglimt heldt på å søkke. I to veker vart båten forsøkt berga, men det viste seg at kjølbotnane var rusta opp og forsvunne. Å setje båten i stand igjen ville kravd omfattande reparasjonar med høge kostnader. 25.juni vart M/KR Lysglimt slept til Godøya for å bli kondemnert. Namneplata og roret blir teke vare på, og skal stillast ut på museet på Johansbuda.

15.2 Båten «Fri»

Båten ”Fri” var ein liten motorbåt brukt under 2. verdskrig til frakt mellom Noreg og Shetland. I dag er det Valderøy kystlag som eig båten.

15.3 «Valderøy-båten»

Eldste sauma trebåt (førebels prosjekt).

²⁷ Odd Egil Valderhaug

15.4 Båtmotorsamling i Strandklaubuda på Godøy Kystmuseum

Restaurerte kulturminne frå den lokale maritime historia, til dels unike og lokalt produserte båtmotorar frå om lag 1910 og framover.

16. Hus registrert i SEFRAK (bygningar frå før 1900-tallet)

Det er 677 objekt som registrert i SEKFRAK-registeret i kommunen. I ny registrering er det lagt inn 668 objekt frå Geodata.

I Kartverket sitt egedomsregister, Matrikkelen, kan ein finne opplysingar om spesifikke SEFRAK-bygg. Ein kan også finne informasjon på nettstaden miljostatus.no, der ein får oversikta som eit kartlag²⁸. Filteret for «SEFRAK-bygg» finn ein under hovudkategorien «kulturminne». Ein må så zoome seg tett nok inn på øyane i kommunen, for å sjå trekantane som symboliserer SEFRAK-bygningane. Grå trekant tyder at det er tale om ein ruin eller ein fjerna bygning. Gul trekant tyder «anna SEFRAK-bygning». Raud trekant tyder at bygninga er meldepliktig ved riving/ombygging.

17. Landskapsanalyse for områda Alnes, rundt Giske kyrkje og Blimssanden med nærområde


Giske kommune fekk midlar frå Riksantikvaren i 2013 til ei landskapsanalyse. Avtalen var å gjennomgå tre områder i kommunen. Etter nøye vurdering, valte ein å gjennomføre ei landskapsanalyse på Alnes, Giske kyrkje med området rundt og Blimssanden fram til naustrekka. Analysearbeidet vart gjort ferdig administrativt mars 2015. Under vil ein prøve å peike på nokre av hovudpunktene som kom fram i denne rapporten, særleg med tanke på kulturminne og kulturminnevern²⁹.

²⁸ [Miljøstatus Kart – Sjekk miljøtilstanden på kart \(miljodirektoratet.no\)](#)

²⁹ [Landskapsanalyse for Giske kommune \(onacos.no\).](#)


17.1 Alnes

Alnes vart under landskapsanalysen delt inn i tre soner. Sjå oppmerking på kart under.



Den første sona A1 omfatta Alnes gard. Her finn ein den eldste byggeskikken på Alnes, frå rundt midten av 1800-talet. Alnes-garden er organisert som eit klyngjetun. Anbefalinga frå rapporten er at det er ønskeleg å vidareføre dagens byggjeskikk ved vedlikehald og bruk. Sidan det er mange uthus relatert til landbruk/sjøbruk, må det vurderast moglegheit for å kunne endre bruksfunksjonen til bygget, men samtidig behalde det ytre skalet likt opphavet. Der er funne automatisk freda kulturminne sør i dette området. Rapporten fremjar ønskje om å sikre området etter plan- og bygningsloven, og få ei ny gjennomgang med arkeolog for å avdekke eventuelle nye graver i området og registrere dei. Den andre sona A2 omfatta sona rundt Alnes fyr. Fyret er vedtaksfreda. Elles var det ikkje her trekt fram andre sentrale punkt i høve til kulturminnevern. Den tredje sona A3 omfatta landskapssonan i aust. Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne innanfor sona. Ved vassverket, søraust i området, ligg det ruinar etter nokre møller i det gamle elvefaret. I tillegg er det er fleire spor etter eldre landbruksdrift i området og spor etter bygging av moloen. Rapporten tilrår å sikre desse kulturmiljøa etter plan- og bygningslova, og å få merka kulturminna i området og informere om desse.

17.2 Områda rundt Giske kyrkje



I landskapsanalysen valde ein å dele inn området i fem soner, markerte på kartet over.

Oppsummert er anbefalingane frå rapporten at området bør skiltast betre, og at ein bør legge ut meir offentleg informasjon om historia til dette området. I tillegg trekk ein fram ønskje og behov for meir forsking her. Rapporten peikar vidare på at det ikkje bør byggast ut fleire hus eller naust utover dagens nivå, og at det derfor kan vere naudsynt å fremje omsynssone på nokre stader.

17.3 Blimssanden med nærområde



I landskapsanalysen vart dette området delt i tre soner: naustområde, Blimshaugen med omland og Blimssanden. I høve til kulturminneplanen er det særleg sona med naustområde og Blimshaugen det er viktig å utdjupe i forhold til det rapporten la fram.

Den første sona, B, omfatta naustområdet. Den består av gamle naust, nytt fellesnaust, molo, vegar, fyrlykt og vorar. Området har vore ein av fleire sentrale stader i kommunen i høve til «fiskarbonden». Nausta som står igjen her i dag, er frå midten av 1800-talet og fram 1960. Rapporten peikar på at det er viktig å ta vare på heile dette miljøet og området, då det speglar ei sentral tid i kommunen si historie og utvikling. Den tilrår dermed at området bør sikrast ved rullering av arealdelen og evt. ei detaljregulering i høve til plassering av naust, storleik og byggeskikk (sikre ei antikvarisk tilnærming). Samstundes peikar rapporten på at det bør vere plass for dagens bruk av området. Vidare trekkast det fram at ein bør få fram meir informasjon om området på ein offentleg måte. Både i forhold til meir skilting og å få samla historia til området på ein digital plattform.

Den andre sona, B2, omfatta Blimshaugen med omland. Her finn ein fleire automatisk freda kulturminne, med Blimshaugen som det lettast tilgjengelege. Området har truleg vore brukt til

fiske og matauk langt tilbake. Rapporten presiserer at området må takast vare på og oppretthaldast slik det er i dag utan vidare inngrep, og at dette bør følgjast opp i arealplan. Tilrådinga er altså å vidareføre dagens status, og å legge inn omsynssone som sikrar freda kulturminne.

For utfyllande informasjon kring desse tre utvalde områda sjå [Landskapsanalyse for Giske kommune \(onacos.no\)](#).

18. Innspel frå folkemøte i kommunen til kulturminne ein ønskjer å ta vare på
Der vart halde folkemøte på kvar øy i januar/februar 2020, der innbyggjarane i kommunen fekk høve til å kome med forslag til kva ein ønskjer å ta vare på av nyare kulturminne i kommunen. Her kom det inn ei rekke forslag, og desse vil trekkast fram under i dette avsnittet. Det blir opp til lokale krefter og politisk vurdering å ta vare på desse etter kvart. Ein tek ikkje stilling til her kva kommunen vil gjere med innspela, men det er viktig at folk får kome med sine tankar rundt kva som er verd å ta vare på. Skal Giske kommune medverke må det avklarast på kva måtar kommunen skal bidra. Ein må rekne med at frivillig innsats blir ein viktig og kanskje ein avgjerande faktor for kva som vil bli tatt vare på vidare. Her kan kommunen vere med å stimulere på ulikt vis t.d. via ein engasjerande framvising på nettstaden sin.

Ikkje alle punkta krev like stor ressursbruk utover litt tilrettelegging og medverknad frå kommunen. Viktige samarbeidspartar blir eventuelt det nye Kulturminnerådet i kommunen, grunneigarar og Fylkeskommunen. I 2016 vart det registrert 16 grunneigarar som har automatisk freda kulturminne på sin eide. Ein bør sjå om ein treng å justere talet eller eigarskap på grunneigarar, og ta kontakt med desse i høve til kulturminna som ligg på deira grunn. Fleire stader er det snakk om utbygging i området rundt.

18.1 FORSLAG VALDERØYA

- Hustruhamna (privat område).
- Saltebu, Ytterland (privat eige).
- Løketunet og Valderhaugstranda med tollnaustet (privat eige)
- Fyrlykta på Valderøya (valt på folkeavstemming til «År 2000-minne» saman med Giske kyrkje og området rundt).
- Ankerfeste Valderøya.

- Tollvøren på Valderøya med naust.
- Jens Åleine (segn).
- Kløvnasteinane
- Klippfiskplattane på Nordstranda.
- Valderøy museum
- Valderøybåten (restar av funn i Kongshaugen- ny konstruksjon).
- Matrettar med lokal vri.
- Merraskøra
- Monshuset
- Skjongmoloen
- Slippen på Oksnes.
- Skyttestenen
- Klippfiskplassen (første klippfiskplass på Valderøya).
- Fortøyningspålar og ringar (Åbord) frå Johansbuda og sørøver.
- Gravminne frå nyare tid (Løeg m.fl.).
- Aartun Mek. Verkstad.
- 1909 skulen bør bli nytt museum.
- Kløvnasteina og gravrøysane må sikrast tilgang for folk flest (utfordring med trafikkert riksveg 658).

18.2 FORSLAG GISKE

- Makkevika, Giske (utleige av fisketørkeplass frå gamalt av).
- Spellassen, Amfiet.
- Ta vare på klippfiskmølane på Kvalneset.
- Gamleheimen
- Giske kyrkje (fleire ulike knutepunkt).
- Tusenårstaden ved bårehuset.
- Signatursteinen til Kong Olav ved bårehuset.
- Fastlandssambandet
- Børsforhagen
- Asketreet
- Brødrene og Sverdet.
- Vikar-bautaen ved Børstov.
- Bauta på Ørnebakken.

- Kløvsteinen i Holmen.
- Gamle faner frå Giske, to stk. frå 1894 og 1896.
- Fleire eldre steingardar, m.a. ut mot Staurneset, bedehuset og mellom husa i «Høla».
- Nye utgravingar ved Låna.
- Fleire eldre grindbygg.
- Jo-løa.
- Øygardshamna på Giske.

18.3 FORSLAG GODØYA

- Feste for løypestrengar (boltar) frå Egga og i utmarka på Juv. Desse vart brukt til å fire ned torv.
- Torv-støene i Gøy-garden.
- Opprusting og tilrettelegging av tilkomst til Högstein fyr.
- Godøy Kystmuseum eig eller nyttar fleire bygg. Alle desse treng vedlikehald, både hus, løe, buda og naust m.m.
- Strandklaubuda, Fauskenaustet, Oppigarstova.
- Motorverkstad med gamle verneverdige oppfyringsmotorar.
- Nils-Eljas- løa.
- Steinkaia i Furkenholmen.
- Gamle Alnesvegen.
- Reidulf-naustet i Geilevika.
- Brenneriet i Geilevika
- Fundament for kvernhuset nordom Kari-garden.
- Restar etter to fortøyingspålar sør for Støbakken.
- Setje varden i opprinnelag stand.
- Siste sommarfjøs igjen på Godøya, «Erik-fjøsen», + steingarden i Eirik.
- Fundament for skyteskiver i Juss-marka (tysk øvingsskyting frå Kvitneset, 2. verdskrig).
- Det er fleire stabbur ein bør ta vare på. Desse er: Oppigardstabburet (skal flyttast til museet), Åset-, Reine-, Sølmon- og Kari- stabburet.
- Vegen i Juss-marka.

18.4 FORSLAG VIGRA

- Seglmerke på Synnes.
- Kystfortet på Roald/Molnes.

-Torvgardar (stengsel for storfe og hest, men ikkje for småfe/sau) som var bygde på ein spesiell måte, mellom anna på nedsida av vegen Fjellfoten (Molnes) og ved Magretevegen i Rørvika.

-Kringkastaren er med i noverande plan. Kanskje bør Kringkastaren vektleggast meir i den nye planen, med tanke på om den blir verna av Riksantikvaren eller ikkje (midlertidig verna til 1.9.2020).

- Det gamle våningshuset i Pe-garden på Blindheim, eldste våningshuset på Vigra (?) (vårt forslag er ikkje klarert/diskutert med eigar).

-Gamle tufter/buplassar på sjøsida av Postvegen i Rørvika, ikkje utgravd/registrert.

-Stabbur i Røssvika.

19. Lag, organisasjonar og enkeltpersonar

Der er fleire grupper og enkeltpersonar som på ein eller anna måte jobbar eller bidrar til å fremje kulturminnearbeidet i kommunen. Desse vil trekast fram i dette avsnittet. Det er også representantar frå desse grupperingane som kan veljast inn i Kulturminnerådet.

Kulturminnerådet kan bli ein medspelar og høyringsinstans for kommunen i høve til lokalt kulturminnearbeid.

19.1 Museumsdag /interesseggrupper

1. Vigra Kringkastars venner
2. Solbakkens venner
3. Godøy Museumslag
4. M/kr Lysglimt
5. Valderøy Kystlag

19.2 Historielag/sogelag

1. Vigra Sogelag
2. Valderøy Historielag
3. Giske sogelag

19.3 Andre

Grunneigarar (16 registrerte grunneigarar relatert til automatisk freda kulturminne 2016).

20. Register over eldre kulturminne

Askeladden er den offisielle databasen til Riksantikvaren for freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Databasen er tilgjengeleg for offentleg forvaltning og forskingsinstitusjonar.

Publikumsversjonen av Askeladden er nettstaden Kulturminnesøk (<http://kulturminnesok.no>).

Denne er tilgjengeleg for alle. Her har ein samla informasjon frå fleire databasar, og alle kan bidra med informasjon om kulturminne (kven som har lagt inn dei ulike kulturminna, står det opplyst om når ein går inn og les om dei einskilde kulturminna. Til dømes om det er Riksantikvaren eller Møre og Romsdal fylke). Inne på desse databasane kan ein då finne alle registrerte verna kulturminne i kommunen, og også dei som har status som regionalt verneverdig.

Ein anbefaler at alle registrerte kulturminne vert lagt inn i det kommunale kartverket, og at ekstra omsynssone blir lagt inn på dei plassane dette ikkje er gjennomført. Dette vil gjere det enklare å få avklart byggesaker, og korte ned handsamingstida.

21. Utfordringar

Der er fleire utfordringar ein kan peike på i høve til arbeidet med kulturminne og kulturminnevern.

Ei av utfordringane er at denne kulturminneplanen er lagt opp som ein temaplan. Alternativet hadde vore å laga den som ein kommunedelplan. Då hadde den falt under plan- og bygningslova sine krav til oppfølging. Til ein temaplan ligg det ikkje dei saksbehandlingsreglane. Hovudutfordringa her vert då at kulturminnearbeidet ikkje blir like godt prioritert eller forankra i krevjande tider. Det blir ikkje like synleg i saks- og planarbeidet i kommunen, og mistar lettare ressursar i budsjettforhandlingane. Trass dette har Giske kommune fått ros frå Riksantikvaren for sitt arbeide med kulturminne.

Ei anna utfordring ein har i høve til kulturminne er at kommunen vert fortætta av nye byggeprosjekt. Dette er tiltak som ofte kan kome i konflikt med eit eller fleire kulturminne. Her må ein vere påpasseleg i høve til kulturminna og først ta omsyn til dei. Dette er lovheimla i kulturminnelova.

SEFRAK-registreringa av bygg frå før 1900-talet bør nyttast til å fremje omsynssoner i arealplanen. Førebels er arbeidet med omsynssoner berre kome i gong nokre stader. Dette er arbeid som må inn i arealplanen og kan vere tidkrevjande å få på plass.

I forhold til skjøtsel av kulturminne kan ein også sjå potensielle utfordringar i arbeidet vidare. I samråd med fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal har ein fått utarbeidd ein skjøtselsplan for eldre kulturminne i Giske kommune. Fleire kulturminne har blitt rydda kvart år. Det er Riksantikvaren som gjev retningsliner for arbeidet. Det stillast krav til utføringa av arbeidet. Normalt vert dette gjort med oppsyn av ein arkeolog frå fylket. Kommunen har frå 2015 m.a. gjennom avtalen med SSM og Godøy Kystmuseum hatt kompetanse til å utføre arbeidet sjølv, men kan komme til å mangle denne kompetansen vidare. Det vil i praksis bety at kommunen må nytte ein arkeolog til å halde oppsyn. Skjøtselsarbeidet tek aldri slutt, og bør gjerast kvart år. Det har blitt rydda to-tre kulturminne pr. år for vekst. Skilting av kulturminne kan setjast opp på utvalde stader m.m.. Museums- og kulturminneplanen gjev ein oversikt over kva som finnast av kulturminne i kommunen. Riksantikvaren gjev prioriteringar i høve til skjøselstiltak. Langt på veg har ein også fått tilført skjøtselsmidlar etter ein fordelingsnøkkel på 50/50% kommune/stat. Dette har ført til at kulturkonsulenten, som har hatt ansvaret for utføringa av arbeidet, har kunne få til eit godt feltarbeid i mange år. Her har ein nytta hjelp frå Frivilligsentralen. Det kan elles vere straffbart å gjere sjølvstendige tiltak på eit kulturminne. Det er difor viktig å ha naudsynt kompetanse for å sjå til at arbeidet vert utført riktig. Utbyggingstiltak som kjem i inngrisen med omsynssone/vernesone kan utsetje byggesaker unødvendig i lengre tid. Ein har nokre få slike saker kvart år. Øydelagde kulturminne kan føre til straffesak med høge bøter.

22. Nye tiltak og ønskjemål for 2020-2030

På dei opne møta rundt i kommunen januar/februar 2020, har det komme mange innspel til kommunen. Underliggende innspela er direkte kommentarar frå folkemøta og seier noko om kva folk er opptekne av:

- Kommunen må oppnemne ein fast person som representerer kommunen i høve til kulturminneforvaltninga, som ein kan vende seg til i slike saker.
- Kommunen bør kvart andre år ha ein politisk gjennomgang av planen for å sjå kva som har blitt gjort og kva som bør gjerast vidare.
- Kulturminnerådet ønskjer at dei kan få tid ein gong i året til å møte dei politiske partia i kommunen. Ein ønskjer å ta opp saker som gjeld kulturminne.

- Kulturminnelova stiller krav til kommunen som kommunen må følgje opp.
- Legge inn kulturminne i den kommunale kartbasen. Dette vil sikre at kulturminne blir tatt vare på. I tillegg vil kommunekarta vere ei god hjelpe for offentlege og private utbyggjarar og næringsaktørar. Ein del kulturminne ligg allereie inne i karta, medan andre ikkje gjer det. Målet må bli at ein også får lagt inn omsynssoner.

23. Kommunale oppgåver 2020-2030

Ei oppsummering av MK-planen for 2020-2030 kan setjast inn i nokre hovudpunkt. Desse er:

1. Ein bør vurdere å få på plass ein fast kulturminneansvarleg i kommunen, og gje vedkommande rom for naudsynt opplæring og fagkompetanse.
2. Kommunen vil jobbe vidare med å skilte og legge til rette for ferdsel til utvalde kulturminne. Ein vil også føre vidare samhandling mellom friluftstilbod og merking av kulturminne nært knytt til friluftsområde.
3. I løpet av dei neste åra bør ein føre vidare forslaget om ein brann- og verneplan for trehusbygnaden på Alnes. Dette må gjerast i samarbeid med grunneigarane. På Alnes har ein mellom anna størst konsentrasjon, mest heilskapleg og i stor grad av originalitet av SEFRAK-bygnad og utviklinga av fiskarbondemiljø fram til vår tid. Ein bør sjå på ulike tiltak der ein kan nytte dei eldre driftsbygga som ikkje er i bruk lenger. Dette kan auke sysselsetjing og næringsverksemnd i området. Alnes har allereie utpekt seg som det viktigaste kulturbaserte næringsområdet i kommunen med Alnes Fyr. Alnes kan vise fram meir og formidle den lokale fiskarbonde-/kystkulturen som har prega kommunen, på eit avgrensa område, og med høg autensitet. Nokre stikkord i denne samanhengen er tiltak innan reiseliv, kunst og kortreist mat. På alle desse områda kan ein utvikle berekraftig verksemd.
4. Det finnast bedrifter og personar i kommunen som utfører tradisjonelt handverk. Godøy Kystmuseum og Johansbuda museum er opptatt av handlingsboren formidling. Ein bør dokumentere handlingsboren kunnskap. Enkelte fiskarar opprettheld kunnskap om fiske/fangstmetodar som om få år kan verte gløymt. Denne kunnskapen bør ein ta vare på og dokumentere. Dette arbeidet bør styrkast i kommande år og ein treng midlar til å gjennomføre det. Her sit Godøy Kystmuseum og samlingane på Valderøya inne med mykje materiell som bør dokumenterast og gjerast meir offentlege via film/bilete.
5. Det er viktig å vidareføre formidling til skulane. Sunnmøre Museum har via Godøy Kystmuseum stått bak dette arbeidet fram til 1.januar 2020. Her må det kome ein avklaring på korleis og kven som skal føre arbeidet vidare.

6. Ein bør samle mest mogleg informasjon om kulturminne i kommunen på heimesida.
7. Kommunen ønskjer eit vidare samarbeid med alle partar som er opptekne av kulturminnearbeid i kommunen. Kommunen skal ikkje ha ansvar eller eigen representant i rådet eller anna lokal verksemd, men det bør avsetjast midlar til å støtte opp om nye prosjekt og følgje opp eit samarbeid mellom kommunen og private.
8. Kommunen må arbeide vidare med fleire omsynssoner for kulturminne.
9. I løpet av rulleringsperioden 2020-2030 skal kommunen ha tilsyn med alle 60 automatisk verna kulturminne og utføre naudsynte skjøtselstiltak.
10. Kvart andre år bør det leggjast fram ei politisk sak som gjev ei oversikt over kva som er gjort og kva ein bør gjere vidare. Første gong 2023.

Vedlegg: Oversikt over kulturminne i Giske kommune

GODØYA

NAMN	ALDER	VERDI	STATUS	SKILDRING
Fetts fk.nr. 1/62, gravminne Gjuv	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk-nr 1/1-61, gravfelt Gjuv	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøyser, 74 registrerte.
Fetts fk.nr.3, gravfelt Gjuv	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøyser, 10 registrerte.
Fetts fk.nr. 15, gravminne	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug
Fetts fk.nr. 16, gravminne	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug
Ellefsrøysa	Folkevandringstid	Nasjonal	Automatisk freda	Gravminne
Fett fk.nr.2/2, gravminne	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Røysrestar
Bautasteinslokalitet Fetts fk.nr. 2/1	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Bautastein
Fetts fk.nr. 4/1 og 4 + nyreg, gravfelt	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaugar, gravkiste, steinring.
Fetts fk.nr. 5/2, gravminne	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.6/1-2, gravfelt	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	To gravrøyser.
Fetts fk.nr. 7/(7), 7/7 og to ny reg. Støbakkvik, gravfelt	Fleire dateringar. Gravminna er frå jernalder. Buplass frå steinalder.	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys, gravfelt, buplass.
Fetts fk.nr. 10/5-6, gravfelt	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøyser
Dyb steinalderlokalitet	Eldre steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Busetnings- og aktivitetsområde.
Steinalderlokalitet Støbakkvik 124/19	Eldre steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Busetnings- og aktivitetsområde.
Støbakkvik lok 2, busetjing- aktivitetsområde	Yngre bronsealder	Nasjonal	Automatisk freda	Busetnings- og aktivitetsområde.
Fetts fk.nr. 3/3-4: Bautane, gravminne	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Bautastein og gravrøys.
Alnes fyrstasjon, Fyrstasjon- losstasjon		Nasjonal	Vedtaksfreda	Et av ni feda fyranlegg i fylket.
Høgstein fyr	1857	Nasjonal	Vedtaksfreda	Et av ni feda fyranlegg i fylket.
Godøyhula, krigsmennelokalitet	1940-45	Regional	Regionalt verneverdig	Gøyemestad for Johan O. Roald, april 1945.
Alnes fiskevær	Uviss tid	Nasjonal	Regionalt verneverdig	Kystkulturmiljø/fiskarbondemiljø.

GISKE

NAMN	ALDER	VERDI	STATUS	SKILDRING
Gjerdehamna lok 4, røysfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	To gravrøyser.
Fetts fk.nr. 1, Mjelthaugen, gravminne.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug og grav. Ein reknar med ei sentralgrav frå bronsealderen, og ei sekundærgrav frå romartid.
Fetts fk.nr. 4: Røysane, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Fire gravrøyser.
Fetts fk.nr. 1/1 og 2/1 Ørnebakken, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys fk.nr. 1/1 og bautastein fk.nr. 2/1.
Giskegjerdet, dyrkingsspor.	Førreformatisk tid	Nasjonal	Automatisk freda	Dyrkingslag
Giskegjerdet, dyrkingsspor.	Ulike dateringar	Nasjonal	Automatisk freda	To dyrkingslag (yngre bronsealder, førreformatisk tid) og ei kokegrop (folkevandringstid).
Giskegjerdet, dyrkingsspor.	Yngre bronsealder	Nasjonal	Automatisk freda	Dyrkingslag og ardsopor.
Giskegjerdet, dyrkingsspor.	Yngre bronsealder	Nasjonal	Automatisk freda	Dyrkingsspor og ardsjakt.
Giskegjerdet, dyrkingsspor.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Dyrkingslag
Gjerdehamna Lok 1, dyrkingsspor.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Dyrkingslag
Giske, busetjing-aktivitetsområde.	Yngre steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Steinalderbuplass
Gjerdehamna Lok 5, busetjing-aktivitetsområde.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Ei gravrøys og ei mogleg tuft.
Giskevegen, busetjing-aktivitetsområde.	Steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Mogleg steinaldertuft og aktivitetsområde steinalder.
Myrpinnar på Giske, fangstlokalitet.	Merovingertid	Nasjonal	Automatisk freda	Fangstinnretning jakt/fiske.
Sperravegen, fangstlokalitet.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Fangstanlegg for anten fugl eller fisk, evt. ål. Består av fleire myrpinnar.
Giske kyrkjested, Giske kyrkje.	1100-talet	Nasjonal	Automatisk freda	Langkyrkje i marmor, romansk stil.
Giske kyrkjested, ytre ruin.		Nasjonal	Automatisk freda	Tildekka ruin. Kistemurar funne vest for kyrkja, ovanfor naustrekka. Mur-funn inne i eitt av nausta. Restar av to rom.
Giske kyrkjested, Giske middelalderske kirkegård.		Nasjonal	Automatisk freda	Middelalderkyrkjegården er i bruk. Fem gravleggingar etter 1945, seinaste i 2003.
Øygardsteinen, bautasteinslokalitet.	Uviss tid		Uavklart	
Stabbestein, bautasteinslokalitet.	Eldre en 100 år		Uavklart	
Fetts fk.nr. 1/4, steinkross med runeskrift.	Førreformatisk tid		Uavklart	

Bronsespenne, lausfunn.	Mellomalder		Uavklart	
Flintavslag, lausfunn.	Steinalder		Uavklart	
Naustrekkje, Giskehamna.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Del av større kulturmiljø saman med Giske kyrkje.
Naustrekkje, Gjerdehamna.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Tett naustrekkje med store grindnaust, delvis med båtbordkledning. Blanding av eldre og yngre naust.

VALDERØYA

NAMN	ALDER	VERDI	STATUS	SKILDRING
Fetts fk.nr. 8, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug
Fetts fk.nr.1 Kongshaugen, gravminne.	Eldre jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug. Funn av båt. Vurdert til internasjonal verdi av Norsk Kulturråd.
Per Fett fk.1/4-7, gravfelt.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravfelt
Fetts fk.nr.1/1-7, gravfelt.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravfelt
Røys, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.2, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug
Fetts fk.nr. 5/1-3, gravfelt, Kløyvningane.	Vikingtid	Nasjonal	Automatisk freda	Tre gravrøyser.
Fornminne nr.6, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys, reknast som del av Fetts fk.nr. 5/1-3.
Fetts fk.nr.4, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr. 3 Hellerfata, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Fleire gravrøyser.
Fetts fk.nr. 10, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr. Nyreg., gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug
Fetts fk.nr.Nyreg., gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Ein gravhaug og tre gravrøyser.
Ytterland depot, rituell-kultisk lokalitet.	Senneolitikum	Nasjonal	Automatisk freda	Offerdepot. Funn av 28 flintgjenstandar.
Ytterland eldstad og dyrkingslag.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Busetnings- og aktivitetsområde. Ein eldstad og eitt dyrkingslag.
Ytterland eld og kol.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Busetnings- og aktivitetsområde. To eldstadar og eit kolflak.
Ytterland eldstad/eldstad 5a.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Busetnings- og aktivitetsområde. Eldstad.
Trollhaugen 1, busetjing-aktivitetsområde.	Fleire dateringar	Nasjonal	Automatisk freda	Ardspor frå yngre bronsealder. Og funn av mogleg husgrøft frå før-romersk jernalder.
Lok 1, Jangarden, Valderhaug, busetjing-aktivitetsområde.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Kokegrop og stolpehol.
Oksebåsen, busetjing-aktivitetsområde.	Steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Funn av flint, rød skifer, brent bein og trekol. Tyder på at det finnast ein utpløygd buplass frå steinalder i området.
Lok 1, busetjing-aktivitetsområde, Oksneset.	Steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Aktivitetsområde
Lok 2, busetjing- aktivitetsområde, Oksneset.	Steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Aktivitetsområde
Lok 3, busetjing-aktivitetsområde, Oksneset.	Steinalder	Nasjonal	Automatisk freda	Aktivitetsområde
Lok 1 Valderøy, busetjing-aktivitetsområde.	Førreformatorisk tid	Nasjonal	Automatisk freda	Busetjingsspor

Lok 2 Valderøy, busetjing – aktivitetsområde.	Førreformatorisk tid	Nasjonal	Automatisk freda	Busetjingsspor
Forminne nr.7, busetjing-aktivitetsområde.	Førreformatorisk tid	Nasjonal	Automatisk freda	Steingardgjerde og gravrøys.
Skjonghellaren, Daumannshellaren, busejing-aktivitetsområde.	Skjonghellaren: Eldre jernalder. Daumannshellaren: Uviss tid.	Nasjonal	Automatisk freda	Vurdert til internasjonal verdi av Norsk Kulturråd.
Løke, skipsfunn.	1700-talet		Automatisk freda	Ballastrøys, kulturminne under vatn.
Fetts fk.nr.1/1, bautasteinslokalitet.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Bautastein og gravrøys.
Løketun, Valderøy, gardstun.	Uviss tid	Regional	Regulert til bevaring, verna etter Plan - og bygningslova	Kulturmiljø med fleire element: Handelsstad, fyrlukt og prestebustad.
Saltebu, Ytterland.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Dokumentasjon av tradisjonell fisketilvirkning. Einaste av sitt slag som framleis står att i Møre og Romsdal.
Tollstasjon, Valderhaugstrand.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Minne frå tollstasjon, naust og landingsvor er bevart.
Hustruhamna	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Dokumenterer tradisjon med deltaking i sesongfiske frå fjordbønder.
Valderøy åbordar/åburdar.	Uviss tid	Nasjonal	Regionalt verneverdig	Sjeldan kulturminne, einaste i fylket. Stoplar sett opp med oppmura steinfundament. Til fortøyning av seglskuter. Mellom anna i fjøra til Jangårdssøyra 5.
Valderøy kyrkje.	1961	Regional	Regionalt verneverdig	Typisk kyrkjebygg frå område med sterkt vekst etter krigen.

VIGRA

NAMN	ALDER	VERDI	STATUS	SKILDRING
Fetts fk.nr.2, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.2 Røysa, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.3/1-2 Rogna, gravminne.	Eldre jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.3/3, 4, 7 Rogna/Rognodden, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug, to steinringar og ei gravrøys.
Fetts fk.nr.6 Påskehylla, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravhaug
Fetts fk.nr. 1 Kvamen, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Området har form som ein likebeina trekant. Her registrerte Fett 55 sikre gravhaugar. Etter at området i lengre tid ikkje har vore i bruk som beite, kan ikkje så mange påvisast.
Fetts fk.nr. 1 Kvamen, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Feltet er forma som en langstrekta trekant. Her registrerte Fett 13 haugar. I dag er ingen av desse er lengre å sjå, då heile området har vorte overflatedyrk med bulldosar. I følgje grunneigaren er ingen av haugane fjerna, dyrkinga berre tok toppane av haugane.
Fetts fk.nr.2 Littlehornet, gravminne.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys. Store delar av midtpartiet er øydelagt då tyskarane hadde bunkers der under krigen.
Fetts fk.nr.1/1-2 Heland, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	To gravhaugar.
Fetts fk.nr.7, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.12 Reset, gravfelt.	Fleire dateringar	Nasjonal	Automatisk freda	Tre gravrøyser (to frå jernalder og ei frå eldre jernalder) og ein eldstad (romartid).
Fetts fk.nr.9/1-3 Sjøskardet, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	To gravhaugar og ein bautastein.
Fetts fk.nr.10/1-3 Blimshaugen, gravfelt.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Funne fem graver i haugen. Truleg del av eit større gravfelt. Der ligg også ei områdefreding rundt Blimshaugen.
Fetts fk.nr. 1/1-2 Torneset, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	To gravrøyser.
Fetts fk.nr.6, gravminne.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.5/1 Vassrema.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys

Fetts fk.nr.2/5, gravminne.	Vikingtid	Nasjonal	Automatisk freda	Båtgrav. Funn av våpenrestar samt perler kan tyde på at det var ei dobbeltgrav (manns- og kvinnegrav). Frå yngre jernalder, truleg vikingtid.
Fetts fk.nr.2, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Feltet er kring 500 m langt og 175 m breitt. Fetts registrerte i si tid 39 sikre gravrøyser i dette området.
Synnes 2, gravfelt.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravfelt utgraven av Bergen Museum. 22 gravrøyser identifisert.
Uten navn, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys. Opphavleg registrert som ein del av eit større felt.
Uten navn, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys. Opphavleg registrert som ein del av eit større felt.
Fetts fk.nr.1, gravminne.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr. 8 Fugleneset, gravminne.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Gravrøys
Fetts fk.nr.8/1, Skottehaugen, bautasteinslokalitet.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Ei gravrøys og ein bautastein.
Fetts fk.nr.3/1, bautasteinslokalitet.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Bautastein
Fetts fk.nr.3/3, bautasteinslokalitet.	Jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Bautastein
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Fleire dateringar	Nasjonal	Automatisk freda	Stolpehol, kulturlag, busetjingsspor, eldstad.
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Vart funne 50 kokegropar i dette feltet.
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Stolpehol, busetjingsspor, kokegrop.
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Førreformatorisk tid	Nasjonal	Automatisk freda	Stolpehol
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Stolpehol
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Bronsealder-jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	To eldstader og to stolpehol verna. Også funn av ardspor, grop og eit treskipa langhus, men desse har fått fjerna den automatiske fredinga si og er ikkje verna.
Gjøsund, busetjing-aktivitetsområde.	Steinalder-bronsealder	Nasjonal	Automatisk freda	Buplass
Roald, busetjing-aktivitetsområde.	Eldre jernalder	Nasjonal	Automatisk freda	Fem stolpehol.
Storebakken I, busetjing-aktivitetsområde.	Fleire dateringar	Nasjonal	Automatisk freda	Hovudsakleg ein kulturslaglokalitet med eit areal på 4870 m ² . Har også funne grøfter, stolpehol og ei kokegrop. Dette taler for at området kan ha vore ein buplass. Funn av fleire stein-samlingar i området, kan tolkast som der har vore røyser som har vorte pløya over.

Storebakken II, buseting-aktivitetsområde.	Seneolitikum/bronsealder	Nasjonal	Automatisk freda	Hovudsakleg ein kulturlagslokalitet.
Vigra gamle kyrkjestad - Kyrkjehaugen på Roald.	Mellomalder	Nasjonal	Automatisk freda	Her er det Vigra middelalderske kyrkjegard som er verna. Har også stått fleire kyrkjer her tidelegare.
Vigra kyrkje	1894	Nasjonal	"Listeført" kyrkje	Kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med spesielt høg verdi. Ei av 38 i Møre og Romsdal.
Søndagsskulehuset, Roald.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Sjeldan bygning, forma som ei korskyrkje. Einaste søndagsskulehuset i fylket. Kulturinstitusjon-forsamlingshus. Organisasjonslivsminne.
Solbakken skule	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Skulehistorisk minne. Skulebygget står som det gjorde då det var nybygd i 1892.
Molnes, gardstun.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Kystkulturmiljø/tett gardstun med eldre bygningar, mellom anna Ellingstova.
Vigra Heeres-Küsten-Batterie, krigsmennelokalitet.	1941	Regional	Regionalt verneverdig	Viktig krigsminne. Del av "nettverket" Festung Norwegen og Artillerigruppe Ålesund.
Fellesfjøsen	1950-talet	Regional	Regionalt verneverdig	Landbruksminne. Døme på fellestiltak i 1950-åra.
Naustrekke, Blindheim.	Uviss tid	Regional	Regionalt verneverdig	Kystkulturmiljø. Eit spesielt naustmiljø på vêrhard plass. Vifteforma stø.
Vigra kringkastar, telekommunikasjonsanlegg.	Bygd og kom på lufta i 1935. Siste sending, og riving av masta 2011.	Nasjonal	Regionalt verneverdig	Viktig anlegg for kommunikasjon og kringkasting, også for fiskeflåten og sjøfarande.
Storholmen fyr	1920	Regional	Regionalt verneverdig	
Erkna fyr	1870	Regional	Regionalt verneverdig	Viktig kystfyr for fiskarane på kysten.
Metallsøkfunn - Vektlodd, funnstad.	Førreformatorkisk tid		Uavklart	
Metallsøkfunn - Nål, funnstad.	Førreformatorkisk tid		Uavklart	
Metallsøkfunn - Ring, funnstad.	Førreformatorkisk tid		Uavklart	
Metallsøkfunn - Sabelkrok, funnstad.	Førreformatorkisk tid		Uavklart	
Myntfunn, Otto II, funnstad.	Lausfunn vikingtid		Uavklart	
Metalldetektorfunn av jernnøkkel.	Vikingtid		Uavklart	

Metallfunn Dansk II skilling Christian IV, funnstad.	1600-talet, andre kvartal		Uavklart
Mynt - skilling, funnstad.	1628		Uavklart
Metallsøkfunn - ringspenne, funnstad.	Førreformatatorisk tid		Uavklart
Metallsøkfunn - syl/nål/stilis, funnstad.	Førreformatatorisk tid		Uavklart
Fragment av mynt, lausfunn.	Vikingtid		Uavklart
Runebrev, funnstad.	Mellomalder		Uavklart
Metalldetektorfunn - vektlodd i bly, funnstad.	Jernalder-mellomalder		Uavklart

Tabellane er basert på informasjon henta frå Askeladden, kulturminnesok.no og regional plan for kulturminne frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Ønskjer ein å lese meir om enkelte av desse kulturminna, kan ein gå inn på nettstaden <http://www.kulturminnesok.no>. Her kan ein søkje direkte på einskilde kulturminne som ein ønskjer å lese meir om. Elles så er kartfunksjonen på denne nettstaden eit bra verktøy. Ved å nytte denne får ein eit oversiktleg bilete av kulturminna i kommunen, kvar dei er lokaliserte, og kan lese meir om dei ein ønskjer ved å trykke seg inn på dei.